

Møteinnkalling

Utval:	Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. etasje Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato:	29.11.2019
Tid:	13:00

Program

- 13:00 - Sakshandsaming
- 14:30 - Jule- og avslutningslunsj på Cafe Norge på Hotel Norge.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Gunda Falao Sparre
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 90/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 91/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 92/19	Godkjenning av sakliste		
PS 93/19	Referatsak (meldingar)		
RS 31/19	Uttale frå fylkeseldrerådet til PS 147-2019 - Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2019	2018/16480	
RS 32/19	Årsmelding FYEL 2019 til kontrollesing	2018/16480	
PS 94/19	Ymse		

PS 90/19 Godkjenning av møteinnkalling

PS 91/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 92/19 Godkjenning av sakliste

PS 93/19 Referatsak (meldingar)



Notat

Dato: 15.11.2019
Arkivsak: 2018/16480-152
Saksbehandlar: marsoh

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkeseldrerådet

Uttale frå fylkeseldrerådet til PS 147/2019 - Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2019

Arbeidsutvalet i fylkeseldrerådet i Hordaland har, etter fullmakt vedtatt av rådet i PS 89/19, handsama innstillinga frå fylkesrådmannen i PS 147/2019 - Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2019. Fordi saka ikkje låg offentleg føre før etter møtet i fylkeseldrerådet 07.11.19, kunne ikkje saka verte handsama i ordinært møte.

Uttale:

Ut frå dei kr.3 000 000,- som er til fordeling for 2019, og ut frå søknadane, er fylkeseldrerådet i Hordaland samd i fordelinga av tilskot for 2019, slik det ligg føre i forslaget til vedtak.

Fylkeseldrerådet synest det er sørgjeleg at tre kommunar ikkje har søkt om midlar i ordninga i 2019. Fylkeseldrerådet synest ein har funne gode kriterium og ein god modell for tildelinga som óg kan nyttast i framtida.



Årsmelding 2019

Hordaland fylkeseldreråd

INNHALD

INNHALD I ÅRSMELDINGA	4
KAPITTEL I.....	5
Fylkeseldrerådet – eit lovpålagt organ.....	5
Eldreråd – eit viktig talerør for dei eldre	5
KAPITTEL II.....	6
Fylkeseldrerådet i 2019.....	6
Samansetjing av fylkeseldrerådet	6
Budsjett	7
Representantar for brukarutvala i helseføretaka i Hordaland	7
KAPITTEL III.....	8
Deltaking på konferansar, kurs, og samlingar/seminar	8
KAPITTEL IV	9
Møte og saksområde 2019.....	9
Saker det har vorten arbeida særskild med.....	9
Rådsmøte, med utvalde saker.....	9
AU-møte.....	10
KAPITTEL V	11
VEDLEGG	11
I HØYRINGSUTTALE/ INNSPEL TIL SAKER	
II PROGRAM FOR KONFERANSEN FOR DEI KOMMUNALE ELDERÅDA I HORDALAND	
III PROGRAM FOR VESTLANDSKONFERANSEN	
IV PROGRAM FOR LANDSKONFERANSEN FOR FYLKESKOMMUNALE ELDRERÅD	

Innhald i årsmeldinga

Årsmelding 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland gjev ei oversikt over aktiviteten til Hordaland fylkeseldreråd i 2019.

Kapittel I er ei innleiing der det blir informert om lovgrunnlaget for eldreråd, og at eldreråd er viktige organ både i fylkeskommunane og kommunane. Det vert gjeve informasjon om korleis rådet arbeider og at det har eige budsjett.

I kapittel II vert det gjort greie for korleis rådet er samansett og kva organisasjon dei ulike medlemmane representerer, samt at rådet er representert i brukarutval i ulike helseføretak. Det vert forklart korleis det vart endring av rådssamansetninga i mars månad, og det vert opplyst kva budsjett rådet har hatt til disposisjon.

Kapittel III gjer ei oversikt over konferansar, kurs og samlingar som fylkeseldrerådet har delteke på i 2019. To av konferansane har vore i regi av fylkeseldrerådet i Hordaland. I vedlegg II-IV finn ein program for konferansane.

Kapittel IV gjer ei oppstilling etter dato for møta i rådet og arbeidsutvalet, og kva saker som er handsama i dei einskilde møta. Det vert gjeve oversyn over dei viktigaste sakene fylkeseldrerådet i Hordaland har handsama i 2019, og arrangement fylkeseldrerådet har delteke på eller sjølv arrangert. Program for desse arrangementa ligg som vedlegg bak i årsmeldinga. Rådet har vore særleg oppteken av kollektivtilbodet i Hordaland og Bergen: båt, buss og bane. Rådet har i 2019 gitt 14 uttalar til nasjonale og lokale høyringar som har omhandla saker som gjeld eldre, mellom anna om innføring av eit eige eldreombod, ny forskrift for kommunelova om eldreråd, seniorplan for Bergen kommune, sambuargaranti på sjukeheim, m.m. Rådet har kome med innspel om aktivtørfaget som opplæringstilbod, og manglande refusjonar for fotpleie for diabetikarar. Alle uttalane og innspela er lagt inn på slutten av årsmeldinga i eige vedlegg. Fylkeseldrerådet i Hordaland har i 2019 vore teken med i førebuingane til å verta Vestland fylkeskommune. Eit medlem har teke del i ei arbeidsgruppe under Fylkesmannen i samband med reforma «Leve heile livet.»

I kapittel V finn ein alle vedlegga til årsmeldinga:

- Vedlegg I er uttalar og innspel fylkeseldrerådet har kome med i 2019.
- Vedlegg II er programmet for Eldrerådskonferansen for dei kommunale eldreråda i Hordaland som Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerte i Bergen 5. – 6. november 2019.
- Vedlegg III er program for Vestlandskonferansen for fylkeseldreråda i Rogaland, Hordaland og Sogn og fjordane, og som fylkeseldrerådet i Hordaland var ansvarleg for i 2019.
- Vedlegg IV er program for Landskonferansen for fylkeseldreråd i Noreg, som vart arrangert av Telemark fylkeskommune i Skien 20. – 23. mai 2019.

Kapittel I

FYLKESELDRE RÅDET – EIT LOVPÅLAGT ORGAN

Innføring av lovfesta eldreråd i kommunar og fylkeskommunar vart lovpålagt frå 1. januar 1992. Det har gjeitt eldre personar auka medråderett i saker som vedkjem dei. Dette er i samsvar med FN sine prinsipp som vart vedtekne av FN i 1991. Følgjande punkt er tekne med under hovudområdet deltaking:

Eldre skal vera integrert i samfunnet, delta aktivt i utforming og gjennomføring av politikken som direkte vedkjem deira velferd, og dele sine kunnskapar, sin dugleik og sine erfaringar med yngre generasjonar.

ELDRERÅD – EIT VIKTIG TALERØR FOR DEI ELDRE

Fylkeseldrerådet i Hordaland er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen og fylkeskommunale verksemder når det gjeld tilhøve som vedkjem eldre og eldre sine levekår. Det er difor viktig at rådet på eit så tidleg tidspunkt som mogleg, får innsikt i ulike saker som det vert arbeid med i fylkeskommunen og som vedkjem eldre, slik at rådet kan handsama sakene. Rådet kan også sjølv ta opp saker. Det vert difor lagt vekt på at sakshandsamarar og andre sentrale personar med jamne mellomrom får møta rådet. Rådet er glad for at ein har fått etablert eit godt samarbeid med dei ulike avdelingane i HFK når det gjeld informasjon og orienteringar til rådet.

Fylkeseldrerådet samarbeider og har kontakt med dei kommunale eldreråda i Hordaland, og arrangerer kvart år ein konferanse med eldrefagleg innhald for dei kommunale eldreråda. I 2019 blei konferansen halden i Bergen på Grand Hotel Terminus 5. og 6. november. For program, sjå vedlegg II.

Eldrerådet si funksjonstid er fire år og fylgjer fylkestingsperioden. Noverande eldreråd vart oppnemnd etter fylkestingsvalet i september 2015.

Saksdokument og møteprotokollar frå rådsmøta i fylkeseldrerådet er tilgjengelege på fylkeskommunen sin nettportal (<http://www.hfk.no>), likeeins som for politiske organ i fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet har sitt eige budsjett, noko som gjer det mogleg for rådet å samarbeida med dei kommunale eldreråda og andre fylkeseldreråd. Protokoll frå fylkeseldrerådet sine møte blir sendt elektronisk til dei einstilte kommunale eldreråda.

Medlemmar i fylkeseldrerådet er representantar og vararepresentantar i brukarutvala i helseføretaka for perioden 2017-2019. Representantane gjer tilbakemelding til fylkeseldrerådet frå brukarmøta, og protokoll frå møta i brukarutvala blir sendt til fylkeseldrerådet.

Kapittel II

FYLKESELDRE RÅDET I 2019

2019 – eit særst aktivt år

Fylkeseldrerådet har i 2019 hatt 7 møte med sakshandsaming. Arbeidsutvalet (som består av leiar, nestleiar og sekretær) har hatt 6 møte med førebuing av saker og sakliste til rådet. Fylkeseldrerådet har i 2019, enkeltvis eller samla, delteke på fleire samlingar og konferansar, og har sjølv arrangert konferanse for dei fylkeskommunale eldreråda i Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland, den såkalla Vestlandskonferansen. Denne konferansen vert arrangert årleg, og vertskapsrolla skiftar mellom dei tre råda. Fylkeseldrerådet i Hordaland har i 2019 gjett uttale i mange nasjonale og lokale høyringssaker. Etter å ha blitt gjort merksam på urimelege reglar for refusjon av utgifter til fotpleie for diabetikarar, sendte fylkeseldrerådet i april brev til Stortinget sin komité for helse og omsorg og eldre- og folkehelseministeren om denne saka.

Fylkeseldrerådet har i heile valperioden vore opptatt av transporttilboda Skyss gjer, samt reglane for TT-kort, som ligg under samferdselsavdelinga i fylket. Rådet har støtta Samferdsleavdelinga sine søknader om utvida TT-ordning. Rådet er glad for at Hordaland, på lik line med Sogn og Fjordane, har kome med i denne ordninga no som desse fylka skal bli eitt fylke. Fylkeseldrerådet sin leiar har etter initiativ frå Kontrollkomitéen i fylket blitt intervjuva om fylkeseldrerådet sitt arbeid med ordninga for TT-kort i Hordaland, som ein del av revisjonen av denne ordninga, i regi av Deloitte.

Rådet sine svar på høyringar og andre uttalar er attgjevne i vedlegg I.

Rådet har vore representert i brukarutvala i Helse Bergen og brukarutvalet for Haraldsplass Diakonale Sykehus.

Politisk oppnemnde medlemmer i fylkeseldrerådet, Synnøve Solbakken og Inger Sjong, har vore kontaktar mot det politiske miljøet.

SAMANSETJING AV FYLKESELDRE RÅDET

Rådet har sju representantar med personlege vararepresentantar. To representantar er politisk oppnemnde og fem er valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar.

For valperioden 2015 – 2019:

	Funksjon	Representerer	Vara
Kåre Ystanes*	leiar	PF	Gunvor Riim Opedal*
Gunda Falao Sparre*	nestleiar.	LOP	Svein Njåstad
Martin Monrad Reigstad*	medlem	PF	Eli Nordstad
Inger M. Lingjerde	medlem	PF	Kari Solberg
Odd Himle	medlem	SN-H	Egil Haaland
Gunvor Riim Opedal*	medlem	PF	Sjur K. Jaastad

Politisk valde representantar:

Synnøve Solbakken	medlem	FL A/SP/SV	Tore Svendsen m.fl.
Inger Sjong	medlem	FL H/FRP	Silje Hjemdal

*I møtet 14.03.2019 blei Gunda Falao Sparre vald til ny leiar etter at Kåre Ystanes hadde fått innvilga fritak frå vervet. Martin Monrad Reigstad blei samstundes vald til ny nestleiar. Kåre Ystanes sin vara, Gunvor Riim Opedal, kom inn som fast medlem med Sjur K. Jaastad som vara.

Sekretariat/sekretær

Fylkeseldrerådet har hatt møtesekretær/sakshandsamar/rådgevar som er administrativt knytt til fylkeskommunen. Marielle Solheim har vore sekretær for rådet.

Arbeidsutval (AU)

Gunda Falao Sparre (nestleiar) og Marielle Solheim (sekretær for utvalet) fungerte som arbeidsutval (AU) for fylkeseldrerådet i perioden 01.01.2019 til 14.03.2019. Etter dette bestod AU av Gunda Falao Sparre som leiar, Martin Monrad Reigstad som nestleiar og sekretær Marielle Solheim.

BUDSJETT

Budsjett- og rekneskapsansvar for rådet er lagt til administrasjonen. Fylkeseldrerådet hadde i 2019 til disposisjon eit budsjett på kr. 500.000,- Budsjettet vart nytta til rådet sine møte, til egne arrangement, og deltaking på eksterne arrangement.

REPRESENTANTAR FOR BRUKARUTVALA I HELSEFØRETAKA I HORDALAND

Helseføretak

Helse Vest:
Helse Bergen:
Haraldsplass DS

Medlem

Sogn og Fjordane fylkeseldreråd
Inger Lingjerde
Gunda Falao Sparre

Vara

Rogaland fylkeseldreråd
Martin Monrad Reigstad
Odd Himle



Bilete av rådet teken av Bjarte Brask Eriksen i møtet 07.11.19. Frå venstre: Inger M. Lingjerde, Gunvor Riim Opedal, sekretær Marielle Solheim, leiar Gunda Falao Sparre, nestleiar Martin Monrad Reigstad, Inger Sjong, Odd Himle. Synnøve Solbakken var ikkje til stades då bilete vart teken.

Kapittel III

DELTAKING PÅ KONFERANSAR, KURS, OG SAMLINGAR/SEMINAR

KONFERANSAR

1. Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland 5.-6.11.2019

Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerer kvart år ein to-dagars konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Konferansen i 2019 gjekk føre seg på Grand Hotel Terminus i Bergen sentrum.

Program for konferansen: Sjå vedlegg II

2. Vestlandskonferansen 7.-8.05.2019

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland har gjennom fleire år hatt eit regionalt samarbeid ved at dei har skifta på å vera vertskap for ein felles konferanse eller ein studietur. I 2019 var fylkeseldrerådet i Hordaland vert for konferansen, som vart halden på Solstrand Hotel og Bad i Os kommune.

Program for konferansen: Sjå vedlegg III

3. Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 20.-22.05.2019

Det vert årleg skipa til ein landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd. Eit av fylkeseldreråda i landet tek på seg arrangementet. I 2019 fann landskonferansen stad i Skien. Fylkeseldrerådet i Hordaland var godt representert på konferansen.

Program for konferansen: Sjå vedlegg IV

SAMLINGAR/SEMINAR/EKSTERNE MØTE

Einskildmedlemmar i fylkeseldrerådet har vore til stades på følgjande samlingar/eksterne møte:

- | | |
|------------------------|--|
| 21.01.19 | Fellesmøte for fylkeseldrerådet i Hordaland, Ungdommens fylkesutval i Hordaland, og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland, om førebuing til samanslåinga av Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til Vestland fylkeskommune. |
| 13.03.19 | Felles samling for representantar i brukarutvala til sjukehusa i Hordaland. |
| 28.-29.03.19 | Seminar for brukarutvala i Helse Bergen på Haukeland Universitetssjukehus. Inger Lingjerde og Martin Monrad Reigstad deltok. |
| 22.-23.08.19 | Samling for faste representantar i brukarutvala i Helse Vest. Inger Lingjerde og Gunda Falao Sparre deltok. |
| 30.08.19 | Leiar for fylkeseldrerådet, Gunda Falao Sparre, orienterte for Kontaktutvalet mellom innvandrere og styresmakter (KIS) om kva eit fylkeseldreråd er, korleis fylkeseldrerådet i Hordaland blir valt og er samansett, og kva rådet arbeider med og er opptatt av. |
| 21.02.19 &
05.08.19 | Reforma Leve heile livet
Fylkesmannen har hatt fleire samlingar for å gjennomføra reforma «Leve hele livet» sidan oppstarten i november 2018. Odd Himle har vore representant for fylkeseldrerådet i Hordaland i dette arbeidet og har delteke i to samlingar. |

Kapittel IV

MØTE OG SAKSOMRÅDE 2019

Fylkeseldrerådet har i 2019 hatt 7 rådsmøte og handsama fleire større saker. Rådet har gjeve uttale til høyringsframlegg og innspel i saker der dette har vore spurd etter. Rådet har også teke opp saker som det har fått kjennskap til ved brev og innspel til rådet. Rådet har også fremja saker som det har initiert sjølv. Arbeidsutvalet (AU) har hatt 6 møte .

SAKER DET HAR VORTEN ARBEIDA SÆRSKILD MED

- Informasjon om dei ulike saksfelta fylkeskommunen arbeider med ved at sakshandsamarar frå ulike avdelingar har halde orienteringar i fylkeseldrerådet.
- Diverse høyringssvar og uttalar (sjå vedlegg I)
- Korrespondanse med Helse Vest om nye reglar for opnemning av medlemmer til brukarutvala i helseføretaka.
- Samanslåinga av fylkeseldrerådet i Hordaland og fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane til Vestland fylkeseldreråd.
- Diverse saker med innspel til Skyss:
 - kollektivtrafikken: buss, båt og bane, og særskilt nedlegging av servicelinene i Bergen
 - omlegging av bussrutene i Nordhordland i samband med nye anbod
 - spørsmål om aldersvenleg transport
 - at fylkeseldrerådet må involverast tidlegare i saker om store ruteomleggingar
- Planlegging av Vestlandskonferansen (regionalt samarbeid mellom fylkeseldreråda i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane.)
- Årsmelding 2019

RÅDSMØTE, MED UTVALDE SAKER

17.01.19

- Status for Vestlandskonferansen - vidare arbeid med program
- Møte med administrasjonen - medverknadsorgana sin moglegheit til å påverke samanslåingsprosessen
- Andreutkast til årsmelding 2018
- Invitasjonar til orienteringar under FYEL-møte mars 2019
- Høyring - ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom.
- Utvida TT-ordning

14.03.19

- Folkehelseundersøking i Hordaland 2018 - resultat og vidare bruk
- Høyringssvar - ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom
- Aktivitørfaget som fagskuleutdanning
- Høyring - NOU 2018:16 - det viktigaste først (prioriteringar i tannhelse-, helse-, og omsorgstenestane)
- Høyring - forslag til endring av forskrift om stønad til dekking av utgifter til fysioterapi m.m.

11.04.19

- Høyringssvar - Eit eldrevennleg Bergen - Seniorplan for Bergen kommune 2019 - 2024
- Høyringssvar - Felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024
- Brev frå FYEL om aktivitørfaget som fagskuleutdanning
- Arbeidet med nytt reglement for medverknadsorgana
- Høyringssvar - NOU 2018:16 - det viktigaste først - prioriteringar i tannhelse-, helse-, og omsorgstenestane

- Høyringsvar - Forslag til endring av forskrift om stønad til dekking av utgifter til fysioterapi m.m.
- Økonomisk støtte til medisinsk fotterapi

19.06.19

- Intervjuføretat frå forvaltningsrevisjonen av TT-ordninga i HFK
- Tilbakemelding på høyringsvara til Seniorplanen til Bergen kommune
- Budsjettstatus for FYEL og utgifter til Vestlandskonferansen
- Invitasjon til presentasjon av FYEL i Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter
- Høyring - NOU 2019:10 - Openhet i grenseland

05.09.19

- Høyringsvar NOU:10 2019. «Openhet i grenseland»
- Høyringsvar om namn på haldeplassar og tunnelar langs Bybanen til Fyllingsdalen
- Høyringsvar til forslag til endringar i helsepersonellova § 29 c
- Høyring – utviding av rettighetsbestemmelsen om brukarstyrt personleg assistanse for bestemte personar over 67 år

07.11.19

- Høyringsvar Endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg – sambuargaranti
- Høyringsvar Lov om Eldreombodet
- Høyringsvar NOU 2019: 14 Tvangsavgrensingslova

29.11.19

- Årsmelding 2019
- Status budsjett

Møtedatoar, sakliste og protokoll for dei ulike politiske organa i Hordaland fylkeskommune kan ein finna på hfk.no.

AU-MØTE

02.01.2019 Førebuing til rådsmøte 17.01.2019
 26.02.2019 Førebuing til rådsmøte 14.03.2019
 22.03.2019 Førebuing til rådsmøte 11.04.2019
 27.05.2019 Førebuing til rådsmøte 19.06.2019
 15.07.2019 Førebuing til rådsmøte 05.09.2019
 19.09.2019 Sluttarbeid før utsending av program til eldrerådskonferansen 2019.

Kapittel V

VEDLEGG

I HØYRINGSUTTALE/ INNSPEL TIL SAKER

Fylkeseldrerådet har i 2019 mellom anna gjeve uttale/innspele i følgjande saker:

HØYRINGSSVAR

- I. Høyringsvar – Ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom
- II. Høyringsvar – Seniorplan for Bergen kommune 2019-2024
- III. Høyringsvar – Felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020 – 2024
- IV. Høyringsvar – Forslag til endring av forskrift om stønad til i dekking av utgifter til fysioterapi m.m.
- V. Høyringsvar – Det viktigaste først - Prioriteringar i tannhelse-, helse-, og omsorgstenestane
- VI. Høyringsvar – Namn på haldeplassar og tunnelar langs Bybanen til Fyllingsdalen.
- VII. Høyringsvar – NOU 2019:10 - Openhet i grenseland
- VIII. Høyringsvar – Utviding av rettighetsbestemmelsen om brukarstyrt personleg assistanse for bestemte personar over 67 år
- IX. Høyringsvar – Endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg - sambuargaranti
- X. Høyringsvar – Lov om Eldreombodet
- XI. Høyringsvar – NOU 2019: 14 Tvangsavgrensingslova
- XII. Høyringsvar – Forslag til endringar i forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta
- XIII. Høyringsvar – Endringar i Helsepersonelloven § 29 c
- XIV. Høyringsvar – Tilleggsnotat av 7.12.2018 til forslag om å etablere Nasjonalt eldre-, pasient, og brukarombod

INNSPEL

1. Økonomisk støtte til medisinsk fotterapi.
Uttale sendt til Helse- og omsorgsdepartementet, Stortinget sin helse- og omsorgskomiteé, og til eldre- og folkehelseministeren.
2. Innspele til Opplæringsavdelinga om aktivitørfaget som fagskuleutdanning.
3. Pasienttransport av eldre frå sjukehus til heimkommune på natta.
Brev med spørsmål sendt til helseføretaka i Hordaland.
4. Reaksjon til fylkesrådmannen på manglande deltaking frå fylkeskommunen i KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn.

II PROGRAM FOR KONFERANSEN FOR DEI KOMMUNALE ELDERÅDA I HORDALAND

III PROGRAM FOR VESTLANDSKONFERANSEN

IV PROGRAM FOR LANDSKONFERANSEN FOR FYLKESKOMMUNALE ELDRERÅD

Vedlegg I

UTTALAR OG INNSPEL 2019



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Dato: 25.03.2019
Vår ref.: 2018/16480-70
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Høyringsuttale - ny forskrift om råd for eldre, for personer med funksjonsnedsettelse og for ungdom

Det vert vist til høyringsnotat til forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom. Sjølve forslaget til ny forskrift er ein del av notatet.

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama forslaget til ny forskrift i møte den 14. mars 2019 i sak PS 23/19. Fylkeseldrerådet uttalar seg ikkje om punkt i notatet som berre vedgår dei to andre råda.

Høyringsinstansane er bedne om å uttala seg om sjølve forskrifta og språket i forskrifta.

Forskrifta

Fylkeseldrerådet i Hordaland er nøgd med at dei tre råda, som no alle er lovfesta, i hovudsak får sams reglar og sams forskrift.

§2

Fylkeseldrerådet i Hordaland er glad for at det både i sjølve høyringsnotatet og i forskrifta blir fastlagt at råda *skal* høyrast i saker som vedkjem dei, og at det *skal* etablerast rutinar som sikrar at råda får sakene *i så god tid at retten deira til innspel* ikkje blir forpurra fordi sakene kjem for seint til råda. Vidare at innspel frå råda *skal* følgja saksdokumenta fram til avgjerdsinstans.

§3

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er viktig at det blir slått fast at råda *skal* gjevast tilstrekkeleg sekretariatshjelp. I notatet blir det omtalt kva som naturleg kan liggja i sekretariatshjelp. Synspunkta vert støtta.

Kva med opplæring og vegleiing?

I §3 saknar fylkeseldrerådet i Hordaland nokre punkt om opplæring av råda. Det burde, etter vår meining, framgå av forskrifta at råda *skal* verta gitt innføring i lovar og reglar, sakshandsaming etc i starten av perioden, slik at det ikkje blir opp til kvar enkelt kommune å avgjera om slik opplæring skal bli gitt. Fylkeseldrerådet foreslår at eldreråd, politikere og administrasjon får felles opplæring.

I høyringsnotatet, pkt 3.4 side 10, vert det opplyst at det er utarbeid vegleiarar og rundskriv for eldreråd. Slikt bør alle råda få, og det bør inngå i materiell for opplæring.

§4

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at hovudregelen skal vere separate råd, og at samanslåing av eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne berre skal kunne skje når det ikkje er mogleg å opprette to separate råd.

Samanslåing skal berre skje i samråd med dei involverte partane.

Språket

Språket i forskrifta er etter fylkeseldrerådet si oppfatning klårt og greitt å forstå.

Målform - bokmål eller nynorsk

Under pkt 3.5, målform, på side 10 i notatet, vert det føreslått at ny forskrift skal bli gitt ut berre på bokmål fordi ny kommunelov er på bokmål. Vert dette gjennomført, så vil det vera eit brot på korleis det er no, jfr pkt 3.5 side 10 i notatet.

Fylkeseldrerådet i Hordaland kan ikkje sjå nokon grunn til å endra språkforma fordi om vi får ei ny forskrift. og sjølv om ny kommunelov er på bokmål. Vi minner om at nynorsk og bokmål er jamstelte språkformer. Vi meiner også at når kommunelova, som er eit mykje meir omfattande dokument enn forskrifta som gjeld råda, er på bokmål, så gir det språkleg balanse at forskrifta er på nynorsk.

Med vennleg helsing
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
leiar for fylkeseldrerådet i Hordaland



Dato: 27.03.2019
Vår ref.: 2018/16480-85
Saksbehandlar: marsolh

Høyrings svar - Seniorplan for Bergen kommune 2019 - 2024

Fylkeseldrerådet i Hordaland har handsama høyringsutkastet i rådet sitt arbeidsutval og har hatt forslag til høyrings svar ute til kommentar på e-post til rådsmedlemmane. Høyrings svaret har fått tilslutnad frå medlemmene i rådet.

Fylkeseldrerådet i Hordaland har lese planen med stor interesse, og ser at det ligg grundig arbeid bak planen. Planen er oversiktleg og grei å setja seg inn i. Boksane med tiltak etter kvart kapitel og lista til slutt med samla oversikt over føreslåtte tiltak, gjer det enkelt å få tak på kva planen ønskjer å få til.

Det er føreslått 38 ulike tiltak i planen, og tiltaka spenner over ulike, men viktige område for å oppleve eit godt liv som eldre innbyggjar i Bergen kommune. Nokre av dei vil kosta pengar, frå hundre kroner til ein million, medan andre kan realiserast utan at det vert gjeitt ekstra midlar for å gjennomføra dei. Det er ikkje gjeitt forslag til prioritering mellom tiltaka gjennom dei åra planen gjeld for (2019 – 2024.)

Fylkeseldrerådet i Hordaland saknar:

Fylkeseldrerådet i Hordaland saknar prioriteringsforslag i planen og ein konkret handlingsplan for gjennomføring. I slutten av vårt høyrings svar kjem vi difor med forslag til prioritering.

Fylkeseldrerådet i Hordaland saknar også eit punkt om satsing på sjukeheimar, anna enn det som er nemnd om å opna sjukeheimar for matsservering, mot betaling, til allmenheita. Sjølv om planen heiter seniorplan, og ikkje sjukeheimsplan, så er det interessant for seniorane å vita korleis stoda vil vera når dei kanskje om nokre år vil ha trong for sjukeheims plass. Vil det vera full dekning? Rådet meiner såleis at planen også burde hatt eit punkt om dette.

Kommentarar til enkelte punkt i planen.

Fylkeseldrerådet har i høyrings svaret konsentrert seg om forslag til tiltak som rådet særleg har merka seg.

Utnytting av ressursar kommunen allereie har

Det er gledeleg at planen legg opp til å utnytta ressursar kommunen allereie har, slik som å opna for at sjukeheimar kan gje serveringstilbod mot betaling til bebuarar i nærområdet, slik til dømes sjukeheimen på Nordnes gjer i dag. Vidare at skulelokale og andre tilgjengelege lokale som kommunen eig, kan bli opna for tiltak for eldre når lokala ikkje blir brukte av andre. Og at kostnad for slik bruk ikkje hindrar at tilbodet blir nytta.

Samarbeid med ulike aktørar

I fleire kapitlar nemner planen samarbeid med andre, til dømes innan forskning, transport, ulike organisasjonar, frivillighetssentralane o.a. Fylkeseldrerådet støttar tiltak der ein gjennom samarbeid kan få

nytt ressursar betre, også dei ressursane dei eldre sjølv representerer, og oppnå positive resultat til gode for alle.

Samarbeid om transport

Fylkeseldrerådet i Hordaland har over tid vore opptatt av transporttilboda i regionen. Rådet har mellom anna vore i kontakt med Skyss om å få tenlege serviceliner i dei ulike bydelane i Bergen, spesielt i område der endringar i busetnad og servicetilbod ikkje er fanga opp av det ordinære rutetilbodet. Fylkeseldrerådet ser difor positivt på at Bergen kommune vil *samarbeide med Skyss om rutenettet for servicebussane og nye måtar å gje transporttilbod til eldre og funksjonshemma utanfor det ordinære rutenettet.*

Trafikksikringsplan; vedlikehald og kvileplassar

Planen seier at ein vil vidareføra eldre fotgjengarar som satsingsområde i kommande rullering av trafikksikringsplanen. Det blir særleg nemnd vintervedlikehald og belysning. Det er bra at ein har tanke for korleis det er å ta seg fra om vinteren. Brøyting om vinteren er viktig, men det er like viktig at det er trygt å ferdast på fortau og gangveggar i den ljose årstida. Det er mange døme på dårleg vedlikehaldne fortau og gangområde (hol og ujamne heller), til dømes i bydel Bergenhus. *Generelt vedlikehald av fortau og gangområde bør difor med som eige punkt i rulleringa av trafikksikringsplanen.*

Fylkeseldrerådet støttar at ein kartlegg trong for sitteplassar langs ferdselstraseane for fotgjengarar. For eldre vil kvilebenkar vera velkomen hjelp til å orka å ta seg fram i nærområdet og i sentra (også Bergen bysentrum).

Kommunikasjon og informasjon

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at god kommunikasjon er svært viktig for gode tilhøve mellom innbuarane og dei lokale styresmaktene. Rådet ser positivt på at det skal bli gitt datakurs spesielt retta mot eldre, og *merkar seg at planen samstundes legg vekt på at det framleis skal bli gitt informasjon på «gamlemåten», dvs at ikkje all kommunikasjon og informasjon skal skje digitalt.*

Alternative buformar for eldre

Fylkeseldrerådet finn det interessant og spennande at Bergen kommune vil prøva ut alternative buformer for eldre. Rådet oppfordrar kommunen til ikkje berre å ta kontakt med private aktørar i byggebransjen om slike prosjekt, *men også å venda seg til alle dei store boligbyggelaga i Bergen; BOB, Vestbo, OBOS.*

Eigen seniorkontakt i kommunen

Fylkeseldrerådet ser på dette tiltaket som eit viktig tiltak å få til, sjølv om det er eit av dei tiltaka som krev mest pengar å få gjennomført.

Fylkeseldrerådet føreslår:

Handlingsplan

Dei 38 føreslåtte tiltaka er ikkje prioriterte. Fylkeseldrerådet meiner at det må lagast ein *handlingsplan for gjennomføring av planen*, og som prioriterer dei 38 føreslåtte tiltaka i planen, både for kvart enkelt år og for heile planperioden.

Prioritering

For å koma raskt i gang med å realisera planen, føreslår Fylkeseldrerådet slik prioritering i oppstarten:

1. Tiltak som ikkje krev ekstra midlar og som er enkle og kan koma fort i gang,
 - a. Døme: Utnytt ressursar som kommunen allereie har, og gå i dialog med organisasjonar om samarbeid på ulike område; til dømes med Skyss om serviceliner i bydelane/ utarbeida alternative løysingar etter modell frå andre stader, og tiltak for betre kommunikasjon med innbuarane.

2. Tiltak som krev lite ekstra midlar fordi dei kjem i tillegg til tiltak som allreie er i gang
 - a. Døme: Førebyggjande trafikktiltak for fotgjengarar, som betre brøyting og betre vedlikehald av fortau og gangareal.
3. Tiltak som krev noko økonomisk tilskot, men som er viktig for at spesielle område i seniorplanen skal kunna bli realisert.
 - a. Døme: Kampanje for demensvenleg samfunn, utvida tilbod om datakurs for eldre.
4. Tiltak som krev større økonomisk tilskot, men som er særst viktig for å kunna verta gjennomført
 - a. Døme: Tilsetta seniorkontakt i kommunen.

Avslutning

Fylkeseldrerådet i Hordaland vonar at det blir brei politisk oppslutnad om planen, slik at den kan bli gjennomført same kva for politisk styring kommunen får etter kommune- og fylkesvalet i september 2019.

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
leiar for fylkeseldrerådet



Dato: 27.03.2019
Vår ref.: 2018/16480-84
Saksbehandlar: marsolh

Høyrings svar til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020 - 2024

Fylkeseldrerådet i Hordaland har handsama høyringsutkastet i rådet sitt arbeidsutval og har hatt forslag til høyrings svar ute til kommentar på e-post til rådsmedlemmene. Høyrings svaret har fått tilslutnad frå medlemmene i rådet.

Fylkeseldrerådet har konsentrert svaret sitt om kapittel 4.6 «Fylkeskommunle kriterier for fordeling av spelemidlar» og kapittel 5 «Handlingsprogram for tiltak.»

Kapitel 4.6

Fylkeseldrerådet støttar at alle kommunar skal få tilskot til minimum eitt nærmiljøanlegg, og at søknader som gjeld tilrettelegging for friluftsliv blir prioriterte på det viset at dei skal kunna få tildeling også første søknadsåret.

Kapitel 5

I innleiinga til dette kapitlet blir det sagt at tiltaka skal realisera visjonen *Fysisk Aktiv Kvar Dag*. Dette er ei målsetting som alle eldre blir rådd til å ha, så Fylkeseldrerådet sluttar seg fullt og heilt til formuleringane i innleiinga til kapitlet. Rådet er sams i at for å oppnå visjonen, så må anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv vera tilgjengelege i nærmiljøet.

For eldre personar er det viktig å vera i fysisk aktivitet for å ha god helse lengst mogleg. Dersom det er mogleg å trimma eller gå tur, lang eller kort, i nærleiken av bustaden, så er det meir sannsynleg at tilboda blir nytta.

Kommentarar til enkelte tiltak i kapittel 5

Fylkeseldrerådet kan slutta seg til alle dei 15 tiltaka som er nemnde, men vil spesielt gi kommentar til enkelte av dei.

TILTAK 2

Her kunne ein tatt med at planar for fysisk aktivitet *skal synleggjera tiltak som er tilpassa eldre.*

TILTAK 3 og 5

Om tilgang til basseng

Etter fylkesrådet si meining, så bør «vuderast å oppretta» i første line endrast til: «Det skal opprettast eit felles regionalt program for basseng og idrettshallar.....»

Fylkeselderådet er særleg opptatt av tilgang til basseng av to grunnar;

1. *Dei eldre*: Det er anerkjent at symjing er ein aktivitet der ein får brukt svært mange musklar og som også gir god pustetrening. Gymnastikk er ei form for fysisk aktivitet som er lettare å gjennomføra i oppvarma bassengvatn enn på land på grunn av oppdrifta og varmen som vatnet gir.

2. *Dei unge*: Det er viktig at alle born i Noreg lærar å symja, sjølv om dei ikkje bur nær fjord, vatn eller elv. Mange familiar med born reiser både til badeland og til strand og hav i innland og utland. Sjølv under eit uskuldig besøk i eit badeland kan ein koma i ein situasjon der det er bra å kunna symja og vita korleis ein skal koma seg opp av vatnet.

TILTAK 7

Dette er eit godt tiltak som fylkeseldrerådet støttar at også blir gjennomført i tidlegare Hordaland fylke. Slike område bør vera opne for nærområdet etter skuletid.

TILTAK 8

Dette er eit svært positivt tiltak som fylkeseldrerådet støttar fullt ut. Stien eller vegen fram til slike hytter bør liggje slik til i terrenget og utformast på ein slik måte at også eldre kan ta seg lett fram sjølv om dei ikkje er 100% spreke. Døme på tilrettelegging: Rekkverk i stigningar/unnabakke, riktig forhold mellom opptrinn og inntrinn dersom det er trapper, slik at dei er lette å gå i, benkar undervegs der ein kan kvile etc.

TILTAK 10, 11 OG 12

Alle desse tiltaka har med kompetanse og kvalitetsoppfølging å gjera. Fylkeseldrerådet er nøgd med at også desse elementa er med i handlingsprogrammet.

Fylkeseldrerådet har sett pris på å vera høyringsinstans for dette politiske dokumentet, og ser fram til å følgja med på korleis handlingsprogrammet vert sett i verk når Vestland fylke skal byrja tilveret sitt.

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
leiar for fylkeseldrerådet

Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 12.04.2019
Vår ref.: 2018/16480-87
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Høyringsvar - forslag til endring av forskrift om stønad til dekking av utgifter til fysioterapi m. m.

Fylkeseldrerådet i Hordaland viser til «**Høring – forslag til endringer/ justeringer i forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi m.m**»

Fylkeseldrerådet støttar i all hovudsak forslag til endring av forskrift av 25. september 2018, og at § 2 og § 4 vert oppheva. Når det gjeld forslaga til endringar i § 5, så sluttar vi oss også til desse.

Men vi vil at det vert tatt inn ei presisering: At endringane ikkje må medføra eit dårlegare tilbod for den aktuelle pasientgruppa, eller ha administrative konsekvensar som vil bety noko.

Det er viktig at forslaget vil medvirka til at regelverket for pasientbehandling vert tydelegare, og at det gjer reglane tydelege for pasientane.

for
fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
leiar i fylkeseldrerådet

Monrad Reigstad
nesteleiar i fylkeseldrerådet

Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 12.04.2019
Vår ref.: 2018/16480-88
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Høyrings svar - NOU 2018:16 - det viktigaste først - prioriteringar i tannhelse-, helse-, og omsorgstenestane

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama høyringsforslaget i sak PS 37/19 den 11. april 2019.

Oppbygginga av utredninga frå utvalet

Høyringsdokumentet er svært omfattande. Det er delt inn i fire bolkar. Den første bolken gir bakgrunnsinformasjon, slik som verdigrunnlag i helse- og omsorgstenesta, ei historisk oversikt over kva tidlegare utval har sagt og rådd til om prioriteringar i helse- og omsorgstenesta, tilhøva i andre land, rammene for organisering og finansiering, gjeldande rett og utviklingstrekk. Andre del omtalar prioriteringar i helse- og omsorgstenesta og prioritringsutfordringar i samhandlinga mellom ulike etatar og nivå. I tredje del blir det gitt forslag til prinsipp for prioritering, og i fjerde del blir prosessar og virkemiddel omtala.

I motsetnad til tidlegare, er dette utvalet bede om også å gi forslag til prioritering innanfor den offentleg finansierte tannhelsetenesta.

Det er positivt at forslag til prioritering innanfor den offentlege tannhelsetenesta er tatt med i mandatet. Fylkeseldrerådet i Hordaland forstår dette som at tannhelse no skal anerkjennast som del av den kroppslege (og mentale) helsa.

Fylkeseldrerådet i Hordaland har vald å konsentrera sitt høyrings svar om del III: «Forslag til prinsipp for prioritering» og del IV: «Prosessar og virkemidler.»

Om mandatet og økonomiske føringar

Fylkeseldrerådet merkar seg at utvalet har hatt klare føringar for kva økonomiske konsekvensar forslaga deira vil medføra. Dette kjem fram i kapittel 19, side 139: «Utvalget forstår mandatet som at forslag skal holdes innanfor uendrede økonomiske ramar for både statlig sektor og kommunesektoren.»

Fylkeseldrerådet meiner det er uheldig at utvalet i mandatet dimed indirekte har fått føring om å presentera prioriteringsforslag som kan virka innskrenkande i høve til gjeldande rett og praksis.

Om forslaga til kriterium for prioritering

Utvalet føreslår desse kriteria (kapittel 14.7 side 102):

1. Nytttekriteriet
2. Ressurskriteriet
3. Alvorlegheitskriteriet

Utvalet har vald dei same tre nemningane på prioriteringskriteria som gjeld i dag. Alle kriteria har strekpunkt som utdjuper kva kriteriet står for.

I tillegg føreslår utvalet at det skal inn eit nytt strekpunkt om at graden av auka «fysisk, psykisk og sosial meistring» skal inn i vurderinga av eit tiltak.

Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til utvalet si utdjuping av kriteria, Etter rådet si mening er det spesielt viktig at det også skal vurderast om tiltaket vil ha god effekt på den fysiske, psykiske og sosiale meistringa.

I høyringsnotatet vert det understreka at alle dei tre kriteria må sjåast under eitt, slik at ikkje det eine, til dømes ressurskriteriet, slår «knock out» på dei andre.

Fylkeseldrerådet meiner dette er eit godt prinsipp, og sluttar seg til at ein må sjå heilskapen i effektvurderinga av tiltak.

Prioritering i tannhelsetenesta

Det vert nemnt fleire stader i høyringsnotatet at tiltak for å sikra god tannhelse i befolkninga, og reglar for prioritering i tannhelsetenesta, ikkje har vore påakta, og difor ikkje til no har vore omfatta av prioriteringsreglane som gjeld i helsetenesta elles. Utvalet meiner såleis at «Stortinget også bør ta stilling til prinsippene for prioritering i den kommunale helse- og omsorgstjenesten og i den offentlige tannhelsetjenesten.» og vidare at «Stortinget må være seg sitt ansvar bevisst.» (Kapitel 17.1, side 118)

Fylkeseldrerådet støttar desse synspunkta.

Utvalet føreslår at det skal vera same prioriteringsreglar for tannhelsetenester som for andre helsetenester, og at desse reglane - også i tannhelsetenesta - skal leggast til grunn for avgjerder om behandling.

Fylkeseldrerådet for Hordaland er samd i forslaget om at det skal vera sams prioriteringsreglar for alle helsetenester, inklusiv tannhelsetenesta, men hadde ønskt at førebygging hadde kome med som eit eige strekpunkt i alle kriteria.

Om forslag til virkemidlar som kan koma til å, eller som vil, krevja ressursar

I kapitel 19 nemner utvalet at enkelte forslag til virkemidlar vil kunna krevja ressursar, og nemner gjennomgang av eksisterande regelverk og finansieringsordningar, etablering av nasjonalt kompetansemiljø som kommunane kan støtta seg til i praktisk prioriteringsarbeid, forsøk i enkelte kommunar, forskning, med meir.

Dei virkemidla som her er nemnde, er, etter fylkeseldrerådet i Hordaland si mening både viktige, riktige og naudsynte..

Det er difor bra at utvalet, i same kapittel, peikar på at forslag som utvalet har kome med om å gjennomgå lov og regelverk for å tilpassa dei forslaga til prioriteringskriterium, og å innarbeida konkrete endringar i regelverk, ikkje i seg sjølv vil medføra meirkostnader for staten. Likeins at utvalet i same avsnitt som dette blir sagt, også gir uttrykk for at dei meirkostnadene som fylkesnivå og kommunenivå kan koma til å få, vil gjelda opplæring, rettleiing og andre eingongskostnader i samanheng med endra regelverk.

Fylkeseldrerådet er samd i dei synspunkta som utvalet her gir uttrykk for, av di oppdatering av lov- og regelverk og opplæring og rettleiing av arbeidstakarar er normale og forventa oppgåver for statlege og kommunale verksemdar.

Fylkeseldrerådet vonar difor at desse forslaga til virkemidlar ikkje blir lagde til sides av økonomiske grunnar.

Om enkelte punkt i utvalet si utgreiing

Brukarar og pårørande

Det er positivt at utvalet i eit eige kapitel (kapitel 17) har omtalt medverknad for brukarar og pårørande og deira rolle.

Eigenandelar

Utvalet har drøftingar omkring ordninga med eigenandelar, men har vald å ikkje vilja koma med forslag om eigenandelar som verkemiddel i helsetenesta. Fylkeseldrerådet i Hordaland har forståing for dette.

Førebygging

Fleire stader i utvalet si utgreiing blir førebygging nemnt, og at lova om helse- og omsorgstenester framhevar at helsetiltak ikkje berre er å handsama skade som har skjedd, men å førebyggja at skade skjer.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er opptatt av at det er betre å førebyggja at helseskade skjer, enn å setja inn store og kostnadskrevjande tiltak etter at skaden har skjedd. Førebygging kan spara ressursar på lengre sikt!

Førebygging i tannhelsetenesta

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at førebyggjande tiltak i tannhelsetenesta for den vaksne del av befolkninga er like viktig som førebyggjande tiltak i andre helseområde. Fylkeseldrerådet har tru på at førebyggjande tiltak i tannhelsetenesta er bra fordi det kan hindra store utbetningskostnader seinare og også spara den enkelte for både fysiske og psykiske plagar og smerter. Fylkeseldrerådet meiner difor at førebyggjande tiltak for å sikra god oral helse hos eldre bør få meir merksemd.

Fylkeseldrerådet er likevel på det reine med at det trengst meir kunnskap om effekten av ulike tiltak. *Rådet er difor samd i det utvalet seier om trong for meir kunnskap og forskning om effekten av ulike tiltak, både innanfor oral helse og anna helse. (kapittel 16.1)*

Når det gjeld kriteriet om alvorlegheit, nemner utvalet at foreininga for tannlekjarar har uttrykt at «alvorlighetskriteriet ikke uten videre er like anvendelig for tjenester med sterk vektlegging av forebyggende og helsefremmende arbeid.» (kap 14.1, side 95).

Fylkeseldrerådet vonar at omsyn til graden av førebygging i eit tiltak vil vega tungt i dei avgjerdene som vert tekne.

Manglande samordning

I kapitel 18.2.4 peiker utvalet på at dagens praksis har uheldige konsekvensar fordi prioriteringskriteria ikkje er samordna i dei tre helseområda spesialhelsetenesta, helse- og omsorgs- og tannhelsetenesta. Prioriteringsreglane for rett til kjeveortopedisk behandling blir nemnde som døme. Utvalet føreslår at ein må gå gjennom lover og regelverk med tanke på opprensing.

Fylkeseldrerådet meiner at utvalet har gitt gode døme på uheldig praksis og uheldige tolkingar i dag, og er samd i at regelverket bør bli gjennomgått.

Sluttkommentar

Fylkeseldrerådet i Hordaland har tolka høyringsnotatet som at utvalet legg særleg vekt på å oppnå:

- sams kriterium for behandling i alle helsetenestene inklusiv tannhelsetenesta
- at ein i vurderingane før avgjerder vert tekne, også skal ta omsyn til effekt for både fysisk og psykisk helse, og om tiltaket vil gi auka grad av meistring.

- At det vert gitt god opplæring og rettleiing i forståinga av prioriteringskriteria for å sikra sams praksis i alle helseområda
- at ein må gå gjennom lover og regelverk for å unngå motstridande tolkingar og praksis
- at kriteria vert innarbeida i relevante lover og forskrifter

Fylkeseldrerådet i Hordaland støttar målsettingane til utvalet, og er samd med utvalet i at arbeid med tilpasningar i lover og forskrifter og opplæring og rettleiing ikkje kan verta sett på som å gå ut over dagens økonomiske rammer.

Men førebygging sagnast som kriterium

Førebygging burde etter rådet si meining vore eit underpunkt i alle dei tre hovudområda alvorgrad, ressursar og grad av nytte. Rådet viser til at førebygging er svært viktig i tannhelsepleia og også for å hindra uønskt forverring av alvorlege kroniske sjukdomar som til dømes diabetes.

for
fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
leiar i fylkeseldrerådet



Notat

Dato: 14.08.2019
Arkivsak: 2018/16480-116
Saksbehandlar: marsoh

Til: SAMFERDSELSAVDELINGA

Frå: Fylkeseldrerådet

Høyrings svar frå fylkeseldrerådet - Namn på haldeplassar og tunnelar langs Bybanen til Fyllingsdalen

Fylkeseldrerådet i Hordaland viser til invitasjon til å ytra seg om føreslåtte namn på haldeplassane på den framtidige Bybanen til Fyllingsdalen.

Fylkeseldrerådet i Hordaland skal ha sitt første møte til hausten 5/9-2019, og kan difor ikkje formelt handsama høyringsnotatet. Høyringsnotatet vart difor handsama i arbeidsutvalet 15/7-2019, og forslag til høyrings svar blei sendt medlemmene i fylkeseldrerådet på e-post til godkjenning. Alle medlemmene har pr. e-post godkjent formuleringane nedanfor som rådet sitt høyrings svar.

Fylkeseldrerådet i Hordaland har tidlegare engasjert seg i kva namn busshaldeplassane rundt Haukeland Universitetssjukehus og Haraldsplass Diakonale Sjukehus har. Rådet skreiv 9/11-2017 eit brev til Skyss om dette, der rådet gav uttrykk for at namnet Statsarkivet måtte bli endra til Haukeland og Haraldsplass sjukehus, altså at begge namna var med. Rådet har sidan 2017 ikkje endra syn på at det må gå fram av namnesetting på haldeplassar i området at det her ligg to sjukehus «tett i tett», og ikkje berre eitt.

Når det gjeld Bybanen, så vil det bli berre eitt stopp i området Årstad, medan det i dag er to busstopp (Statsarkivet og Haukeland nord.)

I høyringsnotatet blir det føreslått at namnet på haldeplassen ved sjukehusa Haukeland og Haraldsplass, skal vera Haukeland sjukehus, altså framleis berre namnet på det eine sjukehuset som ligg til haldeplassen. Dette trass i at Haraldsplass Diakonale sjukehus er lokalsjukehuset til alle bydelane i Bergen kommune som ligg frå og med Bergenhus bydel og nordover. Haraldsplass Diakonale Sykehus er også lokalsjukehus for kommunane i Nordhordland. Fylkeseldrerådet vil også nemna at Haraldsplass Diakonale sjukehus har geriatri som sitt spesialområde, og at det difor vil vera mange eldre (og deira pårørande) som vil ha ærend på Haraldsplass.

I svaret frå Skyss på fylkeseldrerådet i Hordaland sitt brev av 9/11-2017, blei det hevda at det ville vera for tungvindt å ha to (eigen)namn på same haldeplassen, altså Haukeland og Haraldsplass sjukehus. Ut frå den argumentasjonen, og for å gjera det enkelt, føreslår fylkeseldrerådet i Hordaland primært at namnet på haldeplassen ved sjukehusa Haukeland og Haraldsplass brukar stadnamna Haukeland- Haraldsplass, sekundært: Sjukehusa.

Vårt primære forslag vil angi staden, og skulle vere tilfredsstillande for både Haukeland sjukehus og Haraldsplass sjukehus. Vårt sekundære forslag seier at dette er haldeplassen for dei to sjukehusa som ligg her. Begge dei alternative namna som vi føreslår, vil gjøra det klart at dette er haldeplassen ein skal gå av for å koma til sjukehusa Haukeland og Haraldsplass.

Fylkeseldrerådet har ikkje kommentar til dei andre namna som er føreslått på Bybanestoppa til Fyllingsdalen.

Med venleg helsing
Hordaland fylkeseldreråd

Gunda Falao Sparre
leiar



Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 16.09.2019
Vår ref.: 2018/16480-131
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Høyrings svar frå fylkeseldrerådet i Hordaland til NOU 2019:10 Openhet i grenseland

Fylkeseldrerådet i Hordaland viser til høyringsnotatet NOU 2019: 10 – Openhet i grenseland. Høyringsfristen er 1. oktober 2019. Høyringsnotatet blei handsama i møte 5. september 2019 under PS 61/2019.

Positivt tiltak

Fylkeseldrerådet i Hordaland ser positivt på at det er tatt initiativ til å utarbeida ein rettleiar for korleis ulike institusjonar som har å gjera med barn, ungdom og eldre, skal kunna hindra at den enkelte sitt privatliv ikkje blir krenkt når andre, men også dei sjølv, nyttar ulike formar for digitale opptaksmedia og delar med andre. Likeins er det positivt at rettleiaren gir gode råd om retningslinjer ein kan ha for kontakt med media.

Omfattande dokument

Høyringsnotatet er eit svært omfattande dokument som omhandlar både barnehage, skule, barnevern og helse-og omsorgstenester. Dokumentet går gjennom rettsreglane i dag og kjem med forslag til rettleiar for kvar sektor. Det vert ikkje tatt sikte på å endra dei rettsreglane som er styrande i dag.

Fylkeseldrerådet har konsentrert sitt høyrings svar omkring DEL IV «Forslag til veileder og samtykkeskriv», kapitel 18.

Det ligg føre fleire dissensar i Utvalet si innstilling. I kapitel 18 blir det gjort greie for disse. Fylkeseldrerådet i Hordaland har handsama dissensane og tatt standpunkt til dei. Likeins har Fylkeseldrerådet valt å koma med ei tilråding når det gjeld ei enkelt formulering i fleirtalet sine kommentarar til mindretalet sitt syn, sjå nedanfor under overskrifta pkt. 18.3. Fylkeseldrerådet i Hordaland har også valt å gi synspunkt på forslaga i pkt 18.1 om utforming av rettleiaren.

Fylkeseldrerådet i Hordaland har valt å ta dei punkta rådet ønskjer å seia noko om, i den rekkjefølga dei kjem i Del IV, kapitel 18.

Dei enkelte punkta i DEL IV – kapitel 18 (side 193 – 207)

Kapitel 18

18.1 Innleiing

Merknad til forslag til utforminga av rettleiaren

I innleiinga til kapitel 18, tilrår Utvalet at departementet bør vurdere korleis rettleiaren bør utformast og distribuerast for å nå ut til dei som arbeider i dei sektorane rettleiaren er meint for.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i at det er viktig at rettleiaren får ei form som gjer at den blir kjent og brukt. Men fordi rettleiaren også vil innehalde råd for pårørande, ikkje berre for tilsette, er det viktig at den får ei form og ein utsjånad som er tiltalende og lettlesen og lett å oppfatta. Til dømes kunne ein i tillegg til ei større utgåve av rettleiaren utarbeida ei enkel brosjyre med lett forståeleg tekst i eit format som er lett å ta med seg eller dela ut. Utvalet nemner sjølv at ein på område der både brukarar og besøkande ferdast, kunne ha plakatar med dei viktigaste punkta som påminning, som ein slags «Ver varsam»-plakat.

Fylkeseldrerådet sluttar seg også til oppmodinga frå Utvalet om å utforma ei nettbasert versjon av rettleiaren.

18.2 Forslag til rettleiar

Del II – Nokre viktige rettslege utgangspunkt

Merknad til underpunkt 5 og 8

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at Utvalet i underpunkta til Del II gir ein grei oversikt over viktige rettsreglar og omsyn ein må tenkja på når det gjeld korleis ein handsamar bruk av digitalt utstyr i sektorane. Vidare at det i punkt 5 blir minna om at ein må bruka digitalt utstyr med varsemnd og at misbruk eller krenkande åtferd er straffbart. Likeins er det viktig at det i pkt 8 blir slått fast at ein ikkje utan samtykke frå den det gjeld, kan ta frå ein person mobiltelefon eller anna elektronisk eller digitalt utstyr.

Merknad til underpunkt 9: «Medienes særskilte rolle»

Fylkeseldrerådet i Hordaland er nøgd med at Utvalet i punkta 9a-c spesielt nemner media sin samfunnsrolle, som mellom anna er å opplysa samfunnet og kontrollere at makt ikkje blir misbrukt, og at det difor er viktig at ein ikkje lukkar seg mot media.

Når det gjeld pkt 9d, om tilgang til verksemda, har Utvalet delt seg i eit fleirtal og eit mindretal når det gjeld kva rettleiinga skal seia om dette temaet. Fleirtalet sitt syn er det som blir føreslått som ordlyd i pkt 9d i innstillinga. *Mindretalet sitt syn blir det gjort greie for under pkt 18.4 side 206.*

OM DISSENSANE TIL PKT 9D:

ALTERNATIV B for svar, **støtte til mindretalet:**

Fylkeseldrerådet i Hordland støttar mindretalet sitt syn om at terskelen for å nekta media tilgang, må vera høg, og at vising til forsvarleg drift er ein for låg terskel for å nekta media tilgang, og at den formuleringa fleirtalet går inn for, vil gjera det for enkelt å nekta media tilgang til verksemda. Utvalet sitt mindretal meiner at det skal seiast presist at det først er når tilgang vil gå ut over brukaren, at media kan bli stengt ute.

Fylkeseldrerådet i Hordaland går inn for at mindretalet sitt forslag til tekst bør bli brukt i pkt 9d.

Merknad til underpunkt 9f: «Det er den enkeltes val å la seg intervju» og underpunkt 10 om samtykke.

Fylkeseldrerådet vil særleg peika på kor viktig det er at institusjonane og sektorane sikrar seg at personen som skal gi samtykke, skjønar kva det inneber, og at personen er i stand til å gi samtykke.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er difor nøgd med at Utvalet i si innstilling i pkt 9f understrekar det personlege ansvaret den enkelte har når det gjeld å la seg intervju av media. Men ein føresetnad for å kunna nytta

denne retten til å sjølv avgjera om ein vil la seg intervjuja eller ikkje, inneber at ein er klar over kva konsekvensar eit intervju kan ha. Det er viktig at samtykka er gjennomtenkte. Det er difor positivt at Utvalet i si innstilling har valt å la temaet samtykke få ein eigen omtale i kapitel 18.2, del II underpunkt 10.

Dissens i pkt 18.2, del VII

I del VII, pkt 18.2.: «Gode råd for ledere og medarbeidere i helse- og omsorgstjenesten: punkt 4», som gjeld «Bilder, film og lydopptak i avdelinger med særskilt risiko», meiner mindretalet at det også her må vera høg terskel for å nekta media tilgang, jfr mindretalet sitt syn når det gjeld pkt 9d. Mindretalet har difor føreslått ein annan ordlyd for siste setning i pkt 18.2. del VII.4: «Selv om institusjonen skulle komme til at fotografering og film i hovedregelen ikke er tillatt i en bestemt del av tjenesten, må det gjøres en konkret vurdering i hvert enkelt tilfelle. Medienes ønske om tilstedeværelse skal tillegges vekt.»

Det er såleis berre det eine ordet «derfor» og formuleringa etter «en konkret vurdering» som skil dei to tekstutgåvene.

ALTERNATIV 2 FOR SVAR: Støtte til mindretalet

Fylkeseldrerådet meiner det er viktig at det er færrest moglege hindringar for at media kan få utført sitt samfunnsmessige oppdrag som blant anna er å vera borgarane si «vaktbikkje» overfor institusjonar og tenester retta mot sårbare personar som eldre, sjuke og born. Fylkeseldrerådet går derfor inn for at pkt 18.2, del VII.4 får mindretalet sitt forslag til ordlyd i siste setning, etter nest siste komma: «*må det gjøres en konkret vurdering i hvert enkelt tilfelle. Medienes ønske om tilstedeværelse skal tillegges vekt.*»

Andre dissensar

Fylkeseldrerådet i Hordaland har konsentrert sitt høyringsssvar om punkt som har relevans for eldre personar, og gir difor ikkje synspunkt på dissensar som gjeld skule og barnevern.

Kapitel 18.2, Del VIII: oversikt over sentralt regelverk

Fylkeseldrerådet i Hordaland er glad for at det i rettleiaren er tatt inn ein oversikt over sentrale regelverk i ein eigen del, noko som vil vera til stor hjelp for brukarane av rettleiaren når det gjeld å finna fram i regelverket som gjeld deira sektor.

Pkt 18.3

Merknad frå Fylkeseldrerådet i Hordaland til fleirtalet si grunngjeving for sitt syn, Pkt 18.3, side 205 og 206.

På side 206, venstre spalte, kjem fleirtalet med nokre merknader til mindretalet sin dissens når det gjeld pkt 9d. Fylkeseldrerådet meiner at her gir *fleirtalet eit eksempel på ei god løysing for korleis verksemda kan koma media i møte, slik at begge partar blir nøgde*: «Et eksempel kan være at en institusjon håndterer en akutt situasjon og ikke har bemanning til både å håndtere den akutte situasjonen, og til å samtidig å tilrettelegge for besøk fra mediene. Det må da søkes etter andre muligheter på et annet tidspunkt, eller gis muligheter for en annen type tilrettelegging.»

Tilråding frå fylkeseldrerådet i Hordaland om å utvida teksten i 18.2, del II, pkt 9d

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at både det eksemplet som blir gitt i pkt 18.3 og forslaget til løysing, er så bra at det burde bli tatt inn som del av pkt 9d. Dette kan bli gjort anten det blir fleirtalet eller mindretalet sitt syn under pkt 9d som blir lagt til grunn for den endelege teksten i dette punktet i rettleiaren.

Konklusjon

Fylkeseldrerådet vonar at resultatet av høyringa til NOU 2019: 10 «Åpenhet i grenseland» blir at det snarast blir utarbeidd ein rettleiar om bilete, film og ljodopptak for leiarar og medarbeidarar i barnehage, skule, barnevern og helse- og omsorgstenesta. Vidare at det blir laga lettfattelege brosjyrar og plakatar, liksom «Ver varsam»-plakaten, som kan bli lagt ut og hengt opp der folk ferdast, og gitt pårørande som orientering og påminning. Likeins at det blir utarbeid ei nettutgåve av rettleiaren.

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
leiar



Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 18.09.2019
Vår ref.: 2018/16480-133
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Høyrings svar frå fylkeseldrerådet i Hordaland til forslag om utviding av rettighetsbestemmelsen om brukarstyrt personleg assistanse for bestemte personar over 67 år

I møte 5. september 2019, under PS 62/19, handsama fylkeseldrerådet i Hordaland forslaget om utvida rettigheit til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) for bestemte personar over 67 år.

I høyringsnotatet gjer departementet ei grundig utgreiing om bakgrunnen for forslaget, og notatet tar også for seg om forslaget vil føra med seg auka utgifter for kommunane. Fylkeseldrerådet støttar synspunkta departementet gir uttrykk for i høyringsnotatet om kva BPA er og er meint å vera (frigjøringsverktøy som gir likestilling og helsegevinst). Det er viktig i saka at det i høyringsnotatet blir vist til at det ligg føre kostnadsdata som viser at ordninga ikkje er dyrare, men billegare eller kostnadsnøytral i samanlikning med andre hjelpetiltak kommunane kan gi, som til dømes vanleg heimehjelp. Det er positivt at høyringsnotatet understrekar at BPA-ordninga ikkje er dyrare enn anna hjelp frå kommunen som vedkommande person ville hatt krav på.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er nøgd med at det no blir føreslått å fjerna punktet i lova om at personar som allereie har BPA, ikkje lenger har lovbestemt rett til dette hjelpetiltaket når dei fyller 67 år.

Fylkeseldrerådet i Hordaland støttar såleis forslaget om å utvida rettighetsbestemmelsen i lovverket om BPA for personar som allereie har denne ordninga, slik at dei kan vera trygge på at BPA-ordninga ikkje blir tatt frå dei når dei passerer 67 år.

TILLEGGSKOMMENTARAR.

Høyringsnotatet peikar på at BPA-ordninga er ei ordning for personar med store og langvarige behov, og at målet med ordninga er «å bidra til at personer med bistandsbehov får et aktivt og mest mulig uavhengig liv til tross for funksjonsnedsettelsen.» BPA er såleis ei ordning som gjer det mogleg for personar med nedsett funksjonsevne til å verta likestilte med friske personar når det gjeld å kunna delta i aktivitetar utanfor heimen.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjent med at det har vore, og er, mykje diskusjon omkring korleis BPA-ordninga, som er lagt til kommunane, blir handsama rundt om, og under kva for eit departement og politisk nivå ordninga bør liggja. Diskusjonen går føre seg både i politiske fora, i ulike organisasjonar og blant mottakarar av ordninga og deira pårørande.

Nokre tema/forhold mange er opptatte av:

- Ulikskapen mellom kommunane i korleis lovverket rundt BPA blir tolka og nytta og kven og kor mange som får innvilga ordninga.

- At lovverket stengjer for å kunna få BPA -ordning dersom ein vert fysisk hjelpetrengjande etter fylte 67 år, sjølv om denne ordninga ville ha vore den beste løysinga for vedkommande person (og kan henda også for kommunen sjølv). Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at ordninga burde omfatta utover 67 år for alle med behov. Å sette ei grense ved 67 år, oppfattast som aldersdiskriminering. Ordninga burde ha vore øymerka til kommunane, utanom rammetilskotet
- Om ordninga først og fremst er eit helsetilbod eller eit likestillingstiltak for å gi personen det gjeld høve til å delta i samfunnet på lik line med personar som ikkje har nedsett funksjonsevne, dvs om ordninga i dag ligg under rett departement.

Fylkeseldrerådet meiner det er uheldig at det er så stor forskjell mellom kommunane i korleis BPA-ordninga blir forstått, handsama og praktisert. *Fylkeseldrerådet oppmodar difor departementet, gjerne i samarbeid med aktuelle organisasjonar, til å sjå på korleis BPA-ordninga kan fungera og praktiserast likt over heile landet, og også om ordninga i dag ligg under rett departement.*

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
leiar

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLODato: 15.11.2019
Vår ref.: 2018/16480-153
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Høyrings svar - forslag om endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg - sambuargaranti

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama høyringsnotatet i møte 7. november 2019, under PS 79/19.

Positivt tiltak, men ikkje utan problem for den som nyttar seg av garantien.

Fylkeseldrerådet ser positivt på intensjonen i forslaget om å utvida forskrifta med ein sambuargaranti, slik at det i alle kommunar blir høve til at ein ektefelle eller sambuar, *som sjølv ønskjer det*, kan bu saman med partnaren på sjukeheim eller i omsorgsbustad når den eine av helsemessige årsaker blir bebuar der. Notatet gir gode skildringar av korleis det kan kjennast å bli «skild» i alderdomen fordi den eine parten er blitt så hjelpetrengjande at den beste staden å bu siste del av livet, er på ein sjukeheim/ i ein omsorgsbustad. I høyringsnotatet vert det i kapitel 4 nemnt at i dei kommunane som i dag har ordning med sambuargaranti, så er ordninga lite etterspurd. Fylkeseldrerådet vil peika på problematiske sider ved å nytta seg av garantien, sider som kan forklara kvifor ordninga er lite etterspurd der tilbodet finst i dag.

Problem ved å nytta seg av garantien.

Auka kostnader for sambuaren

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det kan vera gode grunnar til at ordninga vert lite nytta. I kapitel 5 om administrative og økonomiske konsekvensar for kommunen, peikar notatet indirekte sjølv på slike grunnar når det vert forklart kvifor ein garanti ikkje treng å verta fordyrande for *kommunen*. Blant anna seier notatet at en frisk person vil krevja lite ut over kost, men at ein person med bistandsbehov som kan verta dekte med heimetenester, vil få ei dyrare teneste dersom vedkommande blir sambuar med partnaren på sjukeheimen/ omsorgsbustaden. Satsen for sjukeheims plass er, som kjent, sett i høve til den inntekta bebuaren har, og satsen er høg. Den partnaren som vel å bli sambuar på sjukeheimen, kan difor i realiteten måtta finansiera sambuarskapen ved å selja den tidlegare felles bustaden. Men det vil vera å leva utrygt.

Utryggleik for sambuaren

Det kan vera risikabelt og utrygt å vera den parten som vel å bli sambuar med den hjelpetrengjande på sjukeheimen/ i omsorgsbustaden. I kapitel 5 i høyringsnotatet blir det peikt på at sambuaren ikkje har krav på sjølv å få tildelt plass på sjukeheimen når partnaren fell bort fordi plassar blir tildelt etter nøye vurdering av behov. Blir ikkje den etterlatne sambuaren vurdert å ha behov, så må ho eller han flytta ut. Er då den tidlegare felles bustaden avhenda, så får den som lever att, eit problem.

Frykt/ fare for å bli utnytta

I kapitel 2 i høyringsnotatet handlar nest siste avsnitt om ressursutnytting ved å leggja til rette for «å bygge bro mellom pårørendeomsorgen og den offentlige helsetjenesten.» for å oppnå ein betre samla

ressursutnytting. Det kan vera grunn til å tru at den hittil låge etterspurnaden om å få vera sambuar på sjukeheimen/ i omsorgsbustaden, i tillegg til skepsis av økonomiske grunnar, også kan forklarast med frykt for å verta (ut)nytta som «pleieassistent».

Krav om informasjon; Informasjon er naudsynt

For å gjera eit fornuftig og framsynt val når det gjeld eventuelt sambuarskap på sjukeheimen, treng den som skal velja, relevante opplysningar om kva eit slikt val inneber. Høyringsnotatet seier ikkje noko om at ein sambuargaranti må innehalda krav om grundig informasjon om kva sambuarskapen vil kunna medføra av konsekvensar for den som vel denne løysinga. Det vil trengst informasjon både om økonomi, framtidig bustad når partnaren fell bort og kva for ein innsats som vert forventa av sambuaren når ho eller han flyttar inn til partnaren på sjukeheimen/ i omsorgsbustaden.

Slik informasjon må koma fram både i skriftleg form på papir og liggja på kommunen si nettside.

Konklusjon

Fylkeseldrerådet i Hordaland støttar den endringa som er føreslått i forskrift 12. november 2010 nr.1426 om ein verdig eldreomsorg. Endringa sikrar at den overordna haldninga skal vera at *dersom ein ønskjer det*, så skal ein vera garantert å kunna bu saman med partnaren på sjukeheimen/ i omsorgsbustaden.

Fylkeseldrerådet føreslår at det i forskrifta vert stilt krav om at det i samband med garantien om sambuarskap, må liggja føre informasjon, på papir og nett, om kva konsekvensar sambuarskap på sjukeheimen kan medføra.

Fylkeseldrerådet i Hordaland
Gunda Falao Sparre
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dato: 15.11.2019
Vår ref.: 2018/16480-155
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Høyringsvar - høyring om lov om Eldreombodet

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama forslag om lov om Eldreombodet i møte 7. november 2019, under PS 80/19.

Fylkeseldrerådet i Hordaland støttar at det vert oppretta eit ombod for eldre; Eldreombodet, etter mønster frå Barneombodet.

Likeins støttar rådet at Eldreombodet med sekretariat vert plassert i Ålesund og at det vert lokalisert saman med Rådet for eit aldersvenleg Noreg. Fylkeseldrerådet i Hordaland har i tidlegare høyringar gitt uttrykk for at plassering av nye forvaltningsorgan bør skje utanfor hovudstaden. Rådet er difor nøgd med at Eldreombodet med sekretariat skal liggja i Ålesund og at det vert lokalisert saman med sekretariatet for Rådet for eit aldersvenleg Noreg.

Fylkeseldrerådet har bygd høyringssvaret sitt opp på følgjande måte: innspel til spørsmål som er reist i høyringsnotatet, synspunkt på kva som skal til for at verksemda Eldreombodet skal bli vellukka, kommentararar til dei enkelte paragrafane i lovforslaget, og med forslag om å føya til eit setningsledd i § 7. Til slutt vert det uttrykt ønskje om eit godt samarbeid mellom Eldreombodet og eldreråda.

INNSPEL TIL SPØRSMÅL OM UTTALAR, PARTSHJELP OG SØKSMÅL.

Under kapitel 7.2, side 28, blir høyringsinstansane bedne om å gi innspel på om Eldreombodet skal kunna gi uttalar, vera partshjelpar og eventuelt sjølv kunna gå til søksmål.

Uttalar

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at å kunna gjeva uttalar, må vera ein del av oppgåvene til Eldreombodet, slik forslaget til § 5 opnar for. Eldreombodet skal mellom anna vera ein samfunnskritisk røyst når det gjeld tilhøva for dei eldre i Noreg. Å seia meininga si gjennom ein uttale er etter Rådet sitt syn ein måte å oppfylle det samfunnskritiske oppdraget på.

Partshjelp

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at partshjelp må kunna bli gitt på det viset at Eldreombodet kan gi enkeltpersonar eller grupper hjelp til å finna ut kor dei skal kunna venda seg for å få hjelp til å kunna vurderer om dei skal gå vidare i ei sak. Dersom saka er av prinsipiell interesse, bør Eldrerådet sjølv kunna senda ei sak over til ein annan instans. Men partshjelp skal ikkje kunna bli gitt ved å gå inn i enkeltsaker. Ordlyden i § 6 dekkjer såleis Fylkeseldrerådet sitt syn.

Søksmål

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at Eldreombodet sjølv må kunna senda ei sak til påtaleinstans når saka er av stor prinsipiell interesse for eldre som gruppe. Forslag til § 6 opnar for dette.

VIKTIG AT ELDREOMBODET SOM ORGAN LYKKAST – NOKRE FØRESETNADER

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er svært viktig at Eldreombodet som organ vert vellukka. Nedanfor vert det peikt på nokre føresetnader for at det skal kunna skje.

Store nok ressursar

I kapitel 13 i høyringsnotatet blir det peikt på at organisasjonen til Eldreombodet må vera

«tilstrekkelig robust og ha faglig breidde i kompetanse for å sikre at ombudet skal kunne oppfylle formålet om å bidra til å ivareta eldre sine rettigheter på alle samfunnsområder.»

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i det som vert sagt her, og meiner at dersom dette målet skal verta nådd, så må organisasjonen Eldreombodet få nok ressursar, både i kroner og i tal på tilsette. I kapitel 1.2.3 om økonomisk og administrativ styring, vert det nemnt at sjølv om Eldreombodet skal vera fagleg uavhengig og Departementet ikkje kan gripe inn i verksemda, så er det likevel unnatak når det gjeld «reint økonomiske og administrative saker. I dette ligg det då, etter Fylkeseldrerådet si oppfatning, ei fare for at Departementet/ styresmaktene kan innskrenka eller amputera Eldreombodet si verksemd og sitt handlingsrom gjennom å gi for knappe ressursar gjennom tildelt budsjett og storleiken på organisasjonen, og slik gripa inn i verksemda likevel.

Fylkeselderådet i Hordaland vonar at Eldreombodet får ein god start når det gjeld tilgang på ressursar ved at tildelt budsjett vert stort nok til å dekkja både høgt kvalifisert personale (fagfolk og sekretariat) og den naudsynte verksemda retta mot verda utanfor (synleggjering og informasjon) og til fagleg oppdatering mm.

Må tidleg Inkluderast i prosessar

Eldreombodet kan påverka på fleire måtar. Det kan til dømes skje gjennom haldningsskapande arbeid, eller gjennom politiske prosessar. *Men for å kunna påverka prosessar, må ein tidleg inn.* Det er difor viktig at Eldreombodet blir trekt tidleg inn i prosessar som gjeld saker innanfor Eldreombodet sitt arbeidsområde, og med det kan verta høyrte før det er for seint, slik høyringsnotatet gir uttrykk for i kapitel 14, side 43 i merknad til § 3

Personen eldreombodet – viktig for å lukkast

Fordi Eldreombodet er eit nytt forvaltningsorgan, er det spesielt viktig at *den rette personen vert tilsett.* Denne personen må ha både personlegdom, fagbakgrunn og erfaring som gjer at personen blir lytta til og respektert., og at personen eldreombodet ikkje er redd for å vera synleg. Fylkeseldrerådet sluttar seg til det som vert sagt om dette i kapitel 12.2 i notatet :

«svært viktig å finne en person som er egnet til å ivareta alle funksjonene ombudet skal ha både faglig og gjennom personlighet. Den som utpekes som eldreombud bør være en person med god og relevant kompetanse og gjennomslagskraft til å drive eldreombudets arbeid framover.»

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i desse krava til eldreombodet som person. I så måte kan Barneombodet, etter Fylkeseldrerådet si meining, vera ein god rollemodell.

KOMMENTARAR TIL DEI ENKELTE PARAGRAFANE I LOVFORSLAGET.

§ 1 Formålet

Fylkeseldrerådet er glad for at det i forslaget til lovtekst i §1 kjem så klårt fram kva formålet med å etablere eit eldreombod skal vera; ikkje berre å fremja samfunnsinteresser og rettar dei eldre har, men også å få fram behov eldre har som medlemmer i det norske samfunnet.

§ 2 Uavhengig forvaltningsorgan

I §2 i lovforslaget vert det tydeleg formulert at Eldreombodet er eit uavhengig organ som ikkje kan instruerast politisk, og at stillinga skal vera ei åremålsstilling på seks år utan høve til ny oppnemning. Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i dei refleksjonane omkring åremål på 6 år utan ny oppnemning som kjem fram i høyringsnotatet (side 37-38).

§ 3 Oppgåvene til Eldreombodet

§ 3 tar for seg oppgåvene til Eldreombodet. Fylkeseldrerådet i Hordaland ser rolla som pådrivar og følgjemed-rolla (lyttepost) som særst viktige. Som pådrivar kan ombodet vera med å endra holdningar til eldre i samfunnet, og i rolla som lyttepost kan ombodet på eit tidleg stadium fanga opp korleis samfunnet rundt utviklar seg, politisk, teknologisk og generelt i høve til dei eldre sin situasjon, både på godt og vondt.

I denne samanhengen vil Fylkeseldrerådet framheva kapitel 2.1 i notatet. Her vert det peikt på at gruppa eldre er ueinsarta, og det vert gjeve ein god gjennomgang av ulikskap og ulike utfordringar ved det å verta gamal, avhengig av den enkelte sin personlege situasjon og bakgrunn.

§4 Handsaming av saker

Paragrafen understrekar at Eldreombodet står fritt til å ta opp saker, også saker andre vender seg til ombodet om. Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i at ombodet sjølv avgjer om saker skal følgjast opp, og at slik avgjerd ikkje kan klagast på.

§5 Uttalar

Paragrafen gir uttrykk for Fylkeseldrerådet i Hordaland sitt syn, sjå også side 1 i dette høyringssvaret.

§6 Tilvising

Paragrafen er viktig fordi den gir garanti for at den som har vendt seg til ombodet om ei sak der andre enn Eldreombodet er rette instans, får informasjon om kven som vil vera rett instans. Det har mykje å seia for korleis Eldreombodet som organisasjon vert oppfatta av publikum at den som «feilaktig» vender seg til Eldreombodet, blir møtt med velvilje og hjelpne vidare. Sjå også side 2 i dette høyringssvaret.

§7 Tilgang til institusjonar og opplysningsplikt

Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til synspunkta som vert gitt i notatet i kapitel 11.2 om personvernet og tilgang på opplysningar.

Når det gjeld tilgang til institusjonar er Rådet samd i at tilgang for Eldreombodet ikkje skal kunna bli nekta.

Når det gjeld enkeltpersonar er Rådet samd i at samtykke skal verta kravd for å kunna få opplysningar om privatpersonar, men at ein i nokre tilfelle kan sjå bort frå at det ikkje ligg føre samtykke. Fylkeseldrerådet merkar seg at det i notatet likevel blir rådd til at ein utan samtykke ikkje kan gå inn i private heimar, sjølv om den som bur der får heimehjelp (kap. 11.3, s. 36). Det er eit viktig prinsipp at eigen heim skal vera eit freda område for offentlegheita.

Kommentar til siste ledd i § 7 og ei tilråding

Siste ledd i forslag til § 7 lyder slik:

«Eldreombudet skal informere den det gjelder om at opplysningar er innhentet.»

Fylkeseldrerådet merkar seg at det i forslag til lovtekst er utelate følgjande tilføyning, som er brukt i høyringsnotatet på side 35 øvst : «...og på hvilken måte opplysningene behandles.»

Fylkeseldrerådet i Hordaland tilrår at denne tilføyninga vert tatt inn i lovteksta fordi det ikkje berre er viktig å vita at opplysningar er innhenta, men det er like viktig å vita korleis opplysningane vert handsama og brukt.

§ 8. Instruks

I høringsnotatet blir det forklart at ein instruks ikkje vil gje heimel for å instruera den faglege verksemda. Fylkeseldrerådet er glad for at det ikkje kan bli gitt faglege instruksar.

Eldreombodet og (fylkes)eldreråda

Fylkeseldrerådet i Hordaland merkar seg at det i høringsnotatet fleire stader vert vist til at oppretting av Rådet for eit aldersvenleg Noreg og Eldreombodet vil føra til at eldreråda i framtida vil verta trekte meir med i arbeidet for dei eldre i Noreg. Fylkeseldrerådet i Hordaland ser fram til at oppretting av Eldreombodet vil gje auka merksemd på utfordringar eldre i Noreg kan møte på.

Fylkeseldrerådet i Hordaland
Gunda Falao Sparre
leiar

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLODato: 15.11.2019
Vår ref.: 2018/16480-156
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Høyringsvar - NOU 2019: 14 Tvangsavgrensingsloven - Forslag til felles reglar om tvang og inngrep utan samtykke i helse- og omsorgstenesta

Fylkeseldrerådet i Hordaland har i møte 07.11.19 under sak PS 81/19 handsama forslaget til ny lov om tvangsavgrensing.

Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til den generelle dissensen frå mindretalet i utvalet. Fylkeseldrerådet er ueinig med fleirtalet i utvalet, som føreslår å oppretthalda ein moglegheit til tvangsmedisinering når det gjeld psykiske lidingar og bruk av elektroshjokk terapi dersom pasienten ikkje har reservert seg.

Pkt 25.6.5.4

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i mindretalet sitt syn i pkt 25.6.5.4 der mindretalet seier: «Vi oppfatter flertalsforslaget om bruk av elektronisk sjokk uten fritt og eksplisitt samtykke som uakseptabelt». Mindretalet føreslår som alternativ at ein person skal kunna uttrykkja ønske om elektroshjokk i ei førehandserklæring der utgangspunktet er fritt og informert samtykke. Altså på eit tidspunkt der elektroshjokk som behandling ikkje enno føreligg.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er generelt for førehandserklæringar fordi dei er basert på fritt og informert samtykke.

Pkt 11.3.2 – førebygging av bruk av tvang.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at den viktigaste førebygginga av tvang handlar om kompetanse hos personalet og nok tid til kvar pasient.

Døme: Demente personar i sjukeheim

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil i denne samanhengen minna om at bebuarar med demens i sjukeheim er ei sårbar gruppe. Demente personar kan utvikla angst og vrangførestillingar, bli deprimerte, forvirra og mistenksame, noko som kan gje dei ei kjensle av å mangla kontroll over eigen situasjon. Dette vert forsterka av at dei har problem med å hugsa og å uttrykkja seg. Alt dette går ut over evna til å halda fast på eigne ønskje og behov, og kan lett føra til verbal og fysisk motstand og aggresjon i situasjonar der pleiepersonell skal hjelpa dei med dagleg pleie og omsorg. Det er difor viktig at einingar med demente bebuarar har nok personale med kompetanse og kunnskap om å handsama slike situasjonar

Grensegangen mellom linjetenestene

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil peika på at grensegangen mellom første og andre linjeteneste og grensegangen dei i mellom burde ha vore klarare i lovverket.

Vedlegg 1: Generell dissens
Omgrepet beslutningskompetanse

Beslutningskompetanse er eit problematisk omgrep på fleire måtar, slik mindretalet peikar på i sin generelle dissens (Vedlegg 1, side 808).

For finst det nokon - som i situasjonar som er aktuelle i spørsmål om tvang eller ikkje - kan avgjerda kven som har beslutningskompetanse og kven ikkje?

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at ein må byrja med å spørja om korleis ein kan unngå tvang, og kva som kan verta gjort for å leggja til rette for at flest mogleg får nytta beslutningskompetansen sin fullt ut.

FN`s konvensjon om menneskerettigheiter (CRPD)

Fylkeseldrerådet i Hordaland er på linje med mindretalet når det gjeld korleis FN`s konvensjon om menneskerettar skal tolkast når det gjeld menneske med nedsett funksjonsevne.

Forsvarleg fagleg skjønn.

Fylkeseldrerådet er samd med mindretalet i at omgrep som forsvarleg fagleg skjønn o.l. som grunnlag for avgjerder i enkeltsaker, gjev stort rom for forskjellshandsaming av enkeltpersonar hos dei som har avgjerdsmynde i ulike einingar (og kommunar).

Bruk av tvang i lukka system

Mindretalet peikar også på det problematiske i at tvangstiltak blir utøvd i lukka system med lite innsyn frå andre, som til dømes frå media.

KONKLUSJON

Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til mindretalet sine merknader og generelle dissens om korleis ein kan unngå tvang.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at i vedlegg 1, side 808, peiker mindretalet på svært viktige sider ved problematikken rundt tvang i helse- og omsorgstenesta.

Fylkeseldrerådet i Hordaland
Gunda Falao Sparre
leiar

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dato: 15.11.2019
Vår ref.: 2018/16480-154
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Høyringsvar - forslag til endringar i forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama saka i møte den 7.11.2019 i sak PS 88/19.

Høyringa gjeld forslag til endringar i *forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta. (ISF-ordninga)* Endringane som vert føreslåtte har samanheng med at det i statsbudsjettet for 2020 vert føreslått «endringar i ISF-ordningen som også har implikasjoner for i hvilke tilfeller det er relevant å avkreve pasienten for egenandel.»

Endringane gjeld føljande område:

- a. Utviding av utførande personell innanfor somatikk (dvs kva for personellgrupper som utløyser eigenandel ved utført behandling frå dei)
- b. Innføring av eigenandel for konsultasjon over telefon
- c. Auking av «straffe»satsen for ikkje å ha møtt til avtale.

Om ISF-ordninga (Innsatsstyrt finansiering)

ISF-ordninga er ei ordning som gjer det lønsamt for helseføretaka å vera effektive når det gjeld å få flest mogleg pasientar gjennom forsvarleg behandling. Ordninga er viktig for økonomien i helseføretaka fordi desse blir finansiert dels ved rammebevilgning frå staten og dels ved inntekt frå den innsatsen det enkelte helseføretaket gjer sjølv, til dømes i poliklinisk behandling.

Utviding av utførande personell innanfor somatikk (dvs kva for personellgrupper som utløyser eigenandel ved utført poliklinisk behandling frå dei)

Framsteg både i medisinsk og teknologisk utvikling dei siste åra, har gjort det mogleg å handsama stadig fleire typer behandling poliklinisk framfor ved innlegging.

Fylkeseldrerådet i Hordaland finn det derfor ikkje urimeleg at det vert føreslått å innlemma nye personellgrupper i kva for utført behandling som skal kunna utløyse krav om eigenandel ved behandling poliklinisk. Fylkeseldrerådet ser på ei slik utviding som rettvis for å skapa likskap mellom pasientgrupper når det gjeld kven som kan verta kravd for eigenandel og kven som slepp.

Det er i høyringsnotatet ikkje fremja forslag om å auka satsen for eigenandel ved poliklinisk behandling. Fylkeseldrerådet oppfattar forslaget om å utvida gruppa av utførande personell som kan krevja eigenandel ved behandling, som eit alternativ til å auka den generelle satsen for eigenandel.

Fylkeseldrerådet er **samd i at dei føreslåtte yrkesgruppene vert innlemma i gruppa som kan utløysa krav om eigenandel ved utført poliklinisk behandling frå dei.**

Innføring av eigenandel ved konsultasjon over telefon

I nokre tilfelle kan det vera aktuelt å snakka med ein behandlar over telefon framfor å måtta møta fram personleg på ein poliklinikk. Dette kan vera ei god og tenleg konsultasjonsform, *spesielt for eldre og andre som kan ha vanskar med å møta fram fysisk*. Konsultasjon over telefon har til no vore gratis på same måte som at nettkonsultasjon er gratis. I høyringsnotatet vert det føreslått å innføra eigenandel ved konsultasjon over telefon, medan nettkonsultasjon framleis skal vera gratis.

Fylkeseldrerådet i Hordaland går imot innføring av eigenandel ved konsultasjon over telefon.

Auking av «straffe»satsen for ikkje å ha møtt til avtale

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i at det skal kosta for pasienten å ikkje varsla innan fastsett tid (24 timar i forkant) om at avtalt time ikkje kan verta nytta. Til no har «straffesatsen» vore det dobbelte av satsen for eigenandelen. I notatet vert det føreslått å auka straffesatsen til tre gonger eigenandelen. Fylkeseldrerådet er samd i synspunktet i høyringsnotatet om at det er sløsing med ressursar når ein time ikkje blir nytta på grunn av manglande varsel, og at unytta timar også går ut over andre pasientar som då, rett nok på kort varsel, ikkje får sjanse til å nytta timen. Det kan synast som at gebyret på dobbel eigenandel, som har vore satsen til no, ikkje har virka godt nok. Likevel bør det vera høve til unnatak for storleiken på straffegebyret eller til heilt å sleppa det.

Høve til unnatak frå hovudregelen om straffegebyr.

I dag er det unnatak for pasientar innanfor rus og psykiatri (jfr forskrifta sin §7, andre ledd).

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at det også bør vera unnatak for visse grupper eldre. Det er vanleg i dag å få påminning dagen før på SMS eller data om avtalt time. Men ikkje alle eldre har mobil eller data. Mange eldre er glemsk, nokre har lettare kognitiv svikt, eller dei kan ha blitt dårlege i løpet av dei siste 24 timane før avtalen. Fylkeseldrerådet vil også peika på at kjøpekrafta for pensjonistar har gått vesentleg ned dei siste 3 åra, og at det er mange minste-pensjonistar. For den siste gruppa vil ein auke med kr. 351- i gebyret for ikkje å ha møtt til time, merkast godt. Fylkeselderådet vil difor foreslå at §7, andre ledd, får ei tilføyning som fangar opp vårt synspunkt om at det for alderspensjonistar i Folketrygda ikkje skal bli auke i gebyret for ikkje å ha møtt til time.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er såleis samd i prinsippet om at det skal kosta å ikkje melda frå i tide dersom ein ikkje kan gjera bruk av ein tildelt time, men meiner at gebyret for ikkje å ha møtt til time ikkje må bli auka for alderspensjonistar i Folketrygda.

Fylkeseldrerådet i Hordaland går derfor inn for at gebyret for ikkje å møta til avtalt time, vert auka generelt til det tredobbelte av satsen for eigenandelen, men at gebyret ikkje vert auka for alderspensjonistar i Folketrygda. Fylkeselderådet sitt forslag vil måtta medføra at §7, andre ledd i forskrifta får eit tillegg som fangar opp dette; sjå nedanfor.

Konklusjon:

I.

§ 4, sjette ledd – konsultasjon over telefon

*Fylkeseldrerådet i Hordaland **går imot** endring av denne paragrafen, altså å innføra eigenandel for konsultasjon over telefon.*

II.

§ 4, andre ledd- utviding av utførande personell som kan ta eigenandel

*Fylkeseldrerådet i Hordaland er **samd i***

- utviding av utførande personell som kan ta eigenandel innanfor somatikk.

III,

§ 7, første ledd

*Fylkeseldrerådet i Hordaland er **samd i***

- auke av gebyret for manglande frammøte til tre gonger satsen for eigenandel

IV

§7, andre ledd

Fylkeseldrerådet i Hordaland føreslår at §7, andre ledd får denne tilføyinga: «**Om den avtala timen gjeld ein alderspensjonist i Folketrygda, skal noverande sats gjelde.**»

Fylkeseldrerådet i Hordaland
Gunda Falao Sparre
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 16.09.2019
Vår ref.: 2018/16480-130
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Høyringsvar frå fylkeseldrerådet i Hordaland om endringar i helsepersonellova § 29 c

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama høyringsnotatet i møte 5. september 2019, sak PS 60/2019.

Departementet ber i notatet særleg om høyringsinstansane sitt syn på følgjande:

1. «Om det er behov for flere krav til dokumentasjon knyttet til tilgjengeliggjøring av opplysninger etter helsepersonellovens § 29 c, enn det som følger av øvrig lovverk» (s. 3 og 7 i notatet)

1b «Departementet ber herunder om høringsinstansenes syn på om det bør lovfestes i bestemmelsen at det skal fremgå av journalen at annet helsepersonell er gitt helseopplysninger.» (s. 7)

Personvernet og loggføring

Fylkeseldrerådet i Hordaland er spesielt opptatt av at personvernet til pasientane blir tatt godt vare på, og at dette ikkje blir svekka i det nye forslaget til ordlyd for § 2c i helsepersonellova.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner difor at det må gå fram av pasienten sin journal at anna helsepersonell er gitt helseopplysningar om pasienten.

I forslaget til ny § 2 c er det ikkje stilt krav om at det skal gå fram av pasienten sin journal kven som har lese i journalen og/eller kven opplysningar har blitt gjort tilgjengelege for, og kva for opplysningar som har blitt gjort tilgjengelege. Noverande § 2 c har slikt krav.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at noverande formulering i § 2 c om dokumentasjon må bli ført vidare i ny § 2 c. Det er viktig at pasienten kan lesa i eigen journal kven som har hatt tilgang. Det er ikkje tilfredsstillande at loggføring skjer i eit meir sentralt register, slik departementet legg opp til. (s. 7 øvste hovudavsnitt). For pasienten vil ein slik generell oversiktslogg gjera det meir komplisert å følgje med.

Informasjon til pasienten: Samtykke

Fylkeseldrerådet meiner vidare at informasjonsplikta ovanfor pasienten ikkje er tydeleg nok i forslaget til ordlyd for ny § 2c. Det er føreslått denne ordlyden: «Med mindre pasienten motsetter seg det, kan taushetsbelagte opplysningar gjøres tilgjengelege...» Her burde det, etter fylkeseldrerådet sitt syn, vore formulert krav til informasjon ovanfor pasienten om kva formålet er med slik tilgang for tidlegare behandlarar, og kva slik utviding av tilgang til journalen kan medføre med omsyn til personvernet. Det er spesielt viktig at pasienten blir gjort kjent med at ho kan motsetja seg at helsepersonell i ettertid kan få tilgang til journalen.

Føremålet med endringsforslaget til § 2 c.

Fylkeseldrerådet i Hordland har forståing for at helsepersonell ønskjer ei mindre arbeidskrevjande prosedyre for å få tilgang til journalopplysningar for eiga læring eller for kvalitetssikring av behandling. Rådet er difor ikkje i mot at det vert enklare å få relevante opplysningar. Forenklingane må likevel ikkje føra til at det blir *pasienten* som får det meir komplisert enn før med omsyn til å kunna følgja med på kven som les pasientjournalen. Forslaget om å sløyfa loggføring i sjølve pasientjournalen, og heller leggja informasjonen til ein meir sentralisert logg, vil ha slike følgjer.

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
leiar



Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 07.01.2019
Vår ref.: 2018/16480-37
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Høyringsuttale - Tilleggsnotat av 7.12.2018 til forslag om å etablere Nasjonalt eldre- pasient- og brukarombod

Det vert vist til invitasjon datert 2/10-2018 frå Helse- og omsorgsdepartementet til Fylkeseldreråda og andre om å uttala seg til forslag om å etablere eit nasjonalt Eldre- pasient- og brukarombod. Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama forslaget i møte den 4/12-2018. Før ein rakk å senda inn uttalen, kom det i skriv datert 7/12-2018 informasjon om at høyringsinstansane kunne sjå bort frå å uttala seg om forslaget om å opprette eit nasjonalt eldre- brukar- og pasientombod. I staden er høyringsinstansane bedne om å uttale seg til forslag om å etablere "en tydelig felles retning, prioritering og koordinering av arbeidet hos de ulike pasient- og brukarombodene." Vidare at "et av dagens pasient- og brukarombud skal ha denne rollen."

Uttalen nedanfor er basert på tilleggsnotatet av 7/12-18 når det gjeld endringar i kva høyringsinstansane skal uttala seg om, men også på høyringsbrevet datert 2/10-2018 når det gjeld kva som ikkje er endra frå det første høyringsbrevet.

Samordnande rolle lagt til eit av ombodskontora

Fylkeseldrerådet i Hordaland ser også positivt på at styresmaktene vil fokusera meir på korleis befolkninga opplever møtet med helsetenestene og i den samanheng eventuell kontakt med dei lokale pasient- og brukarutvala. Rådet er difor positivt til forslaget om at eit av dagens pasient- og brukarutval skal ha ei samordnande rolle overfor dei andre omboda i von om å oppnå sams arbeidsmetodikk og praksis landet over. Ei slik samordning vil, slik fylkeseldrerådet ser det, føra til at brukarane får større tryggleik for at saka deira blir handsama likt same kva for eit fylke dei bur i.

Men Fylkeseldrerådet i Hordaland ser det som ein stor svakheit ved forslaget at ikkje også dei private tilbydarane av helsehjelp skal koma inn under omboda sine arbeidsområde. Dette vil bli nærare grunngitt seinare i denne høyringsuttalen.

Val av alternative løysingar for den samordnande rolla

I tilleggsnotatet av 7/12-2018 har departementet gitt tre alternative måtar å organisera den samordnande rolla på: at ansvaret for å samordna pasient- og brukaromboda sin praksis blir lagt fast til eitt utvald ombod, at den samordnande rolla blir å rullera mellom dei ulike omboda, eller at Helsedirektoratet skal ha den samordnande rolla i samarbeid med pasient- og brukaromboda.

Alternativ 1 og 2

Fylkeseldrerådet i Hordaland ser fordelar med både dei to første alternativa, og meiner at pasient- og brukaromboda som kollegium sjølve må få avgjera kva for ei løysing dei ønskjer, ambulering mellom omboda eller at samordninga vert lokalisert til eitt ombod.

Men dersom den samordnande rolla blir lagt til eitt bestemt kontor, så må dette kontoret *få auka ressursar*. Sett frå vår synsstad vil det også vera ein føremon at kontoret *ligg utanfor hovudstaden* for å ivareta den uavhengige rolla til det samordnande pasientombodet.

Alternativ 3: Helsedirektoratet som samordnande instans

Fylkeseldrerådet i Hordaland går ikkje inn for dette alternativet fordi det i ein slik modell kan verta vanskeligare å halda den samordnande oppgåva nøytral og utan påverknad av nærleiken til det sentrale styringsapparatet.

Helsedirektoratet som utgreiar for dei ulike løysingane

Sjølv om alternativ 1 eller 2 blir valt, kan det likevel vera naturleg å gje direktoratet oppgåva med å utgreia vidare korleis ordninga bør organiserast innanfor lovverket og kva for funksjonar som skal liggja i den koordinerande rolla. *Men dette arbeidet må skje i nært samarbeid med pasient- og brukaromboda, uavhengig av kva for modell som blir valt for samordninga.*

Tannhelse

Fylkeseldrerådet i Hordaland er spesielt nøgd med at pasient- og brukaromboda sitt arbeidsfelt no også skal omfatta tannhelse, og at ein ved det har følgd tilråding frå Ariansonutvalet. Rådet vonar at ein med tida kan få utvida arbeidsfeltet til all tannhelseteneste utan omsyn til kven som står for tannhelsetenesta.

I høyringsdokumentet blir det også nemnt at nokre kommunar skal få prøva ut kommunal tannhelseteneste. Fylkeseldrerådet i Hordaland har tidlegare gått i mot at den offentlege tannhelsetenesta skal leggjast over frå fylkeskommunane til kommunane, og har ikkje endra syn på dette. Rådet er difor glad for at tannhelsetenesta i alle høve no skal inn under arbeidsområdet til pasient- og brukaromboda og vil dekkja heile fylkesregionar. *Det kan såleis bli meir fokus på at tannhelse faktisk er ein viktig del av den enkelte si helse.*

Informasjonsplikta

Fylkeseldrerådet i Hordaland merkar seg, og seier seg glad for, at høyringsdokumentet av 2/102018 så sterkt framhevar helseinstitusjonane sin plikt til å informera pasientar og brukarar om klageretten og andre rettar dei har ifølgje "Lov om pasient- og brukarrettigheter", til dømes rett til å søkja erstatning, og at informasjonsplikta no også skal omfatta tannhelsetenesta. Vidare at informasjonsplikta også gjeld for kommunar og fylkeskommunar.

Dei pårørande og retten til informasjon og å bli inkludert

Fleire stader i høyringsdokumentet vert dei pårørande nemnt, og det er bra at dei pårørande si rolle vert lagt vekt på, og at dette kjem fram i lova. Det er ikkje alltid at pasienten/ brukaren/ den eldre sjølv er i stand til å oppfatta all informasjonen, og då er det viktig at den eller dei som er oppført som næraste pårørande, får same informasjon som den saka gjeld. *Difor er det viktig at det samordnande pasient- og brukarombodet får som ei av oppgåvene å spesielt sjå til at dei (næraste) pårørande til eldre får same informasjonen som den saka gjeld, og slik lova krev. Det vil samsvara med tilråding frå Ariansonutvalet om at det burde bli "Bedre oppfølging og ivaretaking av pasienter, brukere og pårørande, og styrking av deres rettigheter."*

SVAKHEITER I FORSLAGET:

Ikkje alle utøvarar i helsesektoren er inkludert i ombudsordninga

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er ein svakheit i forslaget til arbeidsområde for omboda at ikkje alle tilbydarar av helse- og omsorgstenester er omfatta i ombudsordninga.

I høyringsdokumentet vert det på side 4 vist til at Ariansonutvalet i sine tilrådingar ønskte vurdert å utvida pasient- og brukarombodet sitt arbeidsområde til *"å gjelde alle helse- og omsorgstjenester, også tannhelsetjenester og rent private tjenester."*

Når det gjeld forslag til arbeidsområde for pasient- og brukaromboda, er tilrådinga frå Ariansonutvalet følgt opp når det gjeld den offentlege tannhelsetenesta. Men Ariansonutvalet si tilråding er ikkje følgt når det gjeld reint private helsetenester.

I 2015 vart det innført fritt behandlingsval. Ariansonutvalet peikte på at dette skulle tilseia at også dei private tilbydarane burde liggja under pasient- og brukarombodet sitt arbeidsområde. Mange stader kan ein også velja mellom kommunalt eller privat drivne sjukeheimar og også mellom kommunale eller private heimetenester. Nokre private tilbydarar har avtale med det offentlege og kjem med det inn under omboda sitt arbeidsfelt. Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i synspunktet frå Ariansonutvalet om at arbeidsområdet til pasient- og brukarombodet bør omfatta *alle* dei private tilbydarane, også dei som ikkje har avtale med det offentlege. Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at dette vil *sikra rettstryggleiken til pasientar og brukarar*. Når ikkje alle tilbydarar fell inn under pasient- og brukarombodet sitt arbeidsfelt, så blir det vanskeleg for brukarane å orientera seg om kva for ein tilbydar dei kan, og kva for ein dei ikkje kan venda seg til ombodet om, dersom noko uønskt skjer i samband med behandling eller mottak av helse- og omsorgstenester. Ariansonutvalet peiker på dette i følgjande sitat: "Det er lite tilfredsstillende at det er uklart om visse former for helse- og omsorgstjenester faller innanfor det pliktmessige arbeidsområdet. Dette medfører liten forutsigbarhet for de som kunne tenke seg å henvende seg om tjenester på de aktuelle områdene."

Kommentar til forslag til lovendingar

I kapitel 8 i høyringsbrevet av 2/10-2018 frå Helse- og omsorgsdepartementet vert det gitt ein oversikt over forslag til lovendingar. I lovteksten burde det gått klart fram at også *privat* helse- og omsorgsteneste *med avtale* kjem inn under ordninga.

Oppsummering

Fylkeseldrerådet i Hordaland er spesielt nøgd med at tannhelsetenesta skal inn under arbeidsfeltet til pasient- og brukaromboda, slik Ariansonutvalet tilrådde.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er vidare glad for at det er føreslått at eit av pasient- og brukaromboda skal ha ein samordnande rolle, og meiner at modell 1 eller 2 i forslaget begge har fordelar og ulemper, og at valet mellom dei difor bør bli avgjort av ombodskollegiet sjølv. Fylkeseldrerådet i Hordaland går ikkje inn for modell 3.

Fylkeseldrerådet er også nøgd med at det kjem klart fram at dei næraste pårørande har rett til informasjon og til å bli involverte, og at informasjonsplikta også gjeld fylkeskommunar og kommunar.

Men Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er ein svakheit at ikkje *alle* helse- og omsorgstenester er omfatta av arbeidsfeltet til omboda ved at private tenester ikkje er med, og konstaterar at på dette punktet er tilrådinga frå Ariansonutvalet ikkje følgt.

Det er óg ein svakheit at det ikkje går fram av den føreslåtte lovteksten at private tilbydarar av helse- og omsorgstenester *med avtale* også er omfatta av arbeidsområdet til pasient og brukaromboda.

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre, nestleiar i fylkeseldrerådet
for Kåre Ystanes, leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



ELDRE- OG FOLKEHELSEMINISTEREN
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET
HELSE- OG OMSORGSKOMITEEN

Dato: 23.04.2019
Vår ref.: 2018/16480-90
Saksbehandlar: marsolh

Uttale frå fylkeseldrerådet i Hordaland om økonomisk stønad til medisinsk fotterapi

Fylkeseldrerådet i Hordaland ønsker med dette skrivet å gjera departement og Storting merksame på ein mangel i kva for svekka helsetilstander som kjem inn under ordninga med frikort for helsetenester.

Det gjeld fotpleie for eldre, især minstepensjonistar. Fotpleie hjå autorisert fotterapeut kostar i dag ca. 700,- for ein time, og er tilrådd kvar 6. veke. Det er viktig at eldre, og då særskild dei som har diabetes, får stelt føtene sine regelmessig hos profesjonelle fotterapeutar, men prisen tilseier at for ein minstepensjonist utan ekstra midlar vert dette for dyrt. Det hadde difor vore på sin plass at denne gruppa berre betaler eigenandel for fotpleie, og at resten vert dekkja av NAV.

Diabetes gjer opptil 34 gonger auka risiko for amputasjonar, og kvart år vert det utført over 400 amputasjonar på grunn av diabetes i Norge. Dei fleste av desse amputasjonane kunne ha vore unngått med god fotpleiebehandling og diabeteskontroll¹. At nokon opplever at kostnaden for fotterapi er for høg til at dei kan oppretthalde naudsynt behandling kan føre til alvorlege konsekvensar og forringa livskvalitet, som einsemd, passivitet, immobilitet, og at ein vert utsett for fleire ulike komplikasjonar som følgje av dette.

Fylkeseldrerådet i Hordaland oversender denne uttalen til Helse- og omsorgsdepartementet, Stortinget sin helse- og omsorgskomite, og til eldre- og folkehelseministeren, og ber om at fotterapi føreskriven/tilrådd av lege vert omfatta av ordninga med frikort for helsetenester.

Gunda Falao Sparre
leiar for fylkeseldrerådet i Hordaland

¹ <https://helsedirektoratet.no/publikasjoner/informasjon-og-rad-om-diabetes-fotpleie-og-sarbehandling>



Opplæringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune

Dato: 25.03.2019
Vår ref.: 2018/16480-69
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Aktivitørfaget som fagskuleutdanning

Vi viser til vedlagte kopi av brev datert 18. januar 2019 frå Bergen Eldreråd til Bergen kommune om oppretting av fagskuleutdanning i aktivitørfaget. Brevet er sendt som kopi til fylkeseldrerådet i Hordaland.

Brevet vart handsama i Fylkeseldrerådet sitt møte den 14. mars 2019 som sak PS 24/19.

Fylkeseldrerådet støttar ynskje om at det vert oppretta tilbod om vidareutdanning i aktivitørfaget, og ser det som naturleg at slik utdanning kan leggjast til fagskulenivå.

I møtet den 14. mars vedtok fylkeseldrerådet i sak PS 29/19 å invitera Opplæringsavdelinga til det neste møtet i fylkeseldrerådet for mellom anna å orientera om skulebruksplanen, innsøkinga til helsefaga, lærlingsituasjonen i desse faga o.a. Vi ynskjer også ei orientering om moglegheita for ei utdanning i aktivitørfaget i fylkeskommunen

Med vennleg helsing

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
leiar av fylkeseldrerådet



HELSE VEST
HELSE BERGEN
HELSE FONNA
HARALDSPASS DIAKONALE SYKEHUS

Dato: 10.07.2019
Vår ref.: 2018/16480-106
Saksbehandlar: marsolh

Pasienttransport av eldre frå sjukehus til heimkommune på natta

Eldre pasientar har blitt skrivne ut frå sjukehus og køyrde heim i ambulanse frå sjukehus til kommunane om natta.

Fleire store oppslag i media har gjeve innsyn i korleis helseføretaka har brukt ambulanse til natt-transport av pasientar. I 2018 vart over 1500 eldre personar over 74 år køyrde i ambulanse om natta. Desse skulle ikkje *til* sjukehus, men *frå* sjukehus til anten sjukeheim i heimkommunen eller eigen heim.

Desse pasientane har blitt køyrde ut av sjukehus mellom midnatt og kl. 05.00 om morgonen. Pasientane blir vekke midt på natta for å bli køyrde heim. Dei må bytte seng og rom, og kjem i nye omgivnader fordi helseføretaka har bestemt at slik skal det vera.

Skal ein til egen heim, søv dei fleste eventuelle pårørande på denne tida av døgnet. Må ein heim i ambulansetransport er ein truleg så dårleg at ein treng hjelp også i egen heim, men heimesjukepleie er også lågast bemanna på denne tida av døgnet.

Respekt, omsorg og kvalitet på helsetenesta er, slik fylkeseldrerådet i Hordaland ser det, på eit lågt nivå når slik transport blir utført i helseføretaka våre.

Helseføretaka grunngav natt-transporten med at ambulansane skal vera meir tilgjengelege for oppdrag på dagtid.

Helseminister Bent Høie gjekk straks ut og sa stopp av slik transport om natta.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er opprørt over at slik transport har gått føre seg.

Spørsmål frå fylkeseldrerådet i Hordaland til helseføretaka:

Skjer slik transport på natta framleis i helseføretaka, eller blir det no nytta ein verdig transport av pasientar ut av sjukehus til sjukeheim eller egen heim? Kva rutinar og reglar vert praktiserte no?

Fylkeseldrerådet i Hordaland ber om snarleg svar, slik at svaret kan verta gjort kjent for rådet i neste møte, 05.09.19.

Gunda Falao Sparre
leiar
fylkeseldrerådet i Hordaland



Notat

Dato: 10.09.2019
Arkivsak: 2018/16480-129
Saksbehandlar: marsoh

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Fylkeseldrerådet

Uttale frå fylkeseldrerådet om KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn

I møte 05.09.19 vart fylkeseldrerådet gjort kjend med at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke i mot invitasjon frå KS om å søke om deltaking i KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn, samt grunngjevinga for dette. Saka vart i møtet handsama under RS 24/19, som i møtet vart omgjort til PS 73/19.

Fylkeseldrerådet gjorde følgjande samrøystes vedtak i saka:

«Fylkeseldrerådet reagerer på at ikkje saka er lagt fram for rådet til uttale, og at ein ser på dette som eit brot på gjeldande lov om at fylkeseldrerådet skal høyrast i alle saker som omhandlar eldre.»

Med venleg helsing

Gunda Falao Sparre
leiar, fylkeseldrerådet i Hordaland

Vedlegg II

**PROGRAM FOR KONFERANSEN FOR DEI KOMMUNALE ELDERÅDA I
HORDALAND**

BERGEN 5-6. NOVEMBER 2019



ELDRERÅDSKONFERANSEN 2019

For kommunale eldreråd i Hordaland

5 - 6. NOVEMBER

Grand Hotel Terminus, Zander Kaas gate 6, 5015 Bergen

TYSDAG 5. NOVEMBER

- | | |
|-------|---|
| 10.00 | Registrering opnar i konferanseområdet
Kaffe og litt å bite i |
| 11.00 | Velkomen
Gunda Falao Sparre, leiar i fylkeseldrerådet |
| 11.05 | Helsing
Anne Gine Hestetun, fylkesordførar i Hordaland |
| 11.15 | Kulturinnslag v/elevar frå Langshaugen vgs.
Julia Constance Wiger-Nordås, tverrfløyte; Vidar Flekke
Bergesen, trompet; Brage Iversen, saksofon. |
| 11.25 | «Å bu heime med demens»
Stein Erik Fæø, stipendiat, Universitet i Bergen |
| 12.25 | Lunsj |
| 13.25 | «Å vere pårørande til ein person med demens»
Ellen J. Svendsbø, førsteamanuensis, Høgskulen på
Vestlandet |
| 14.30 | «Musikk og hjernen»
Geir Olve Skeie, professor, Universitetet i Bergen |
| 15.25 | Kaffepause |
| 15.30 | «Musikkterapi i eldreomsorgen»
Kathrine Dahle, Bergen kommune; Guri Dypvik og Sandra S.
Thorstensen, Fjell kommune |
| 16.30 | Informasjon om Rådet for eit aldersvennleg Norge
Trude Drevland, leiar for rådet |

PROGRAM

17.00 Fritid fram til middag

19.00 Middag

- Kulturinnslag v/ shantykoret Cape Horn

ONSDAG 6. NOVEMBER

09.00 «Korleis kan elderråda jobbe med reforma Leve heile livet?»
Anne Eli Wangen, seniorrådgjevar, Fylkesmannen i Vestland

09.50 Eit elderråd fortel korleis dei har jobba med reforma Leve hele livet.
Bømlo elderråd, ved Annbjørg Legland.

10.00 Introduksjon til forskingsprosjektet «Aldersvennlege omgjevnadar»
Gudmund Ågotnes, førsteamanuensis, Høgskulen på Vestlandet

11.00 Kaffepause og utsjekk

11.30 Gruppearbeid relatert til dagens foredrag

12.30 Lunsj

13.30 Presentasjon av gruppearbeida

14.30 Avrunding og oppsummering

Vel heim!



PROGRAM

Vedlegg III

**PROGRAM FOR VESTLANDSKONFERANSEN
OS, 7.-8. MAI 2019**



VESTLANDSKONFERANSEN 2019

for fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

8. - 9. MAI

Solstrand Hotell og Bad i Os kommune

ONSDAG 8. MAI

- | | |
|---------------|--|
| 11:30 | Frammøte ved Solstrand Hotell og Bad. |
| 11:45 | Avreise (i privatbilar) frå Solstrand til Luranetunet. |
| 12:00 - 14:00 | Opning av konferansen ved Terje Søviknes, ordførar i Os kommune. Omvisning i Tropehagen, og felles lunsj. |
| 14:00 | Retur frå Luranetunet til Solstrand. |
| 14:00 - 15:00 | Pause og innsjekk på Solstrand. |
| 15:00 - 16:00 | Om forskning på demens v/ Knut Engedal, professor emeritus, Universitetet i Oslo. |
| 16:00 - 16:45 | Musikkterapi i eldreomsorgen v/ Guri Dypvik og Sandra Thorstensen (Fjell kommune) og Gerd Karine Lunde og Kathrine Dale (Bergen kommune), musikkterapeutar i høvesvis Fjell kommune og Kompetansesenter for demens i Bergen kommune. |
| 17:00 - 18:30 | Utflukt til Oseana Kunst- & Kultursenter. |
| 19.30 - 22:00 | Middag. Vi møtast i resepsjonen og går saman til eigen spisesal. |



PROGRAM

TORSDAG 9. MAI

08:00 - 09:00	Frukost.
09:00 - 10:00	Velferdsteknologi og etikk v/ Knut Øvsthus, professor, Høgskulen på Vestlandet.
10:00 - 10:20	Pause og utsjekk.
10:20 - 11:15	Kompetanseheving i demensomsorgen i Os kommune v/ Astrid Døsen, koordinator for «Demensomsorgens ABC».
11:15 - 12:00	Råd for eit aldersvennleg Noreg v/ leiar Trude Drevland.
12:00 - 13:30	Lunsj.
13:30 - 15:00	Fylkeseldreråda si samling v/ Gunda Falao Sparre. <ul style="list-style-type: none">• Aktuelle saker til diskusjon• Tema og stad for neste samling• Evaluering av samlinga• Takk for no!



PROGRAM

Vedlegg IV

**PROGRAM FOR LANDSKONFERANSEN FOR FYLKESKOMMUNALE ELDRERÅD
SKIEN, 20.-22. MAI 2019**

Den nasjonale konferansen for fylkeskommunale eldreråd 2019



Velkommen til
konferanse i Skien
20–22. mai 2019

Velkommen til den nasjonale konferansen for fylkeskommunale eldreråd!



Tid og sted

Mandag 20. til onsdag 22. mai 2019
Thon Hotel Høyers
Kongensgate 6, 3717 Skien
([se kart i GoogleMaps](#))



Pris og påmelding

Meld deg på via
[telemark.pameldingssystem.no/
eldreradskonferanse-2019](http://telemark.pameldingssystem.no/eldreradskonferanse-2019).

Der finner du også oversikt over priser og annen praktisk informasjon om konferansen.
Påmeldingsfrist er onsdag 20. mars.

Program mandag 20. mai

11.00–12.30

Registrering og lunsj

12.30–12.45

Velkommen

v/ Sven Tore Løkslid, fylkesordfører,
Telemark fylkeskommune

12.45–13.00

Konstituering

13.00–13.45

Ær'e så nøye'a?

v/ Gisle Roksund, fastlege og spesialist i
allmenn- og samfunnsmedisin

13.45–14.15

Pause med forfriskninger

14.15–15.30

**Debatt rundt uttalelser fra landskonferansen,
endringsforslag**

16.00

**Avreise med buss til Notodden med en liten
matbit. Guiding Skien–Notodden og orientering
om verdensarven.**

17.30–17.45

Velkommen til Bok & Blueshuset

v/ Hilde Hem, daglig leder, Bok- og Blueshuset

17.45–18.30

Seniorene – Gull verdt for frivillighet

v/ Bjørn Lindstad, politisk seniorrådgiver,
Frivillighet Norge

19.00–20.00

Omvisning på Telemarksgalleriet og Lysbuen

20.00

Middag i Sliperihallen på Telemarksgalleriet

21.30

**Avreise med buss fra Notodden.
Vi er tilbake i Skien ca. kl. 22.45**



Foto: Thon Hotel Hoyers

Program tirsdag 21. mai

08.45–09.00
Kulturinnslag

09.00–09.15
Start på dagen

09.15–10.00
Debatt rundt uttalelser fra landskonferansen,
endringsforslag fortsetter

10.00–11.00
Alle vil leve lenge, men ingen vil bli gamle
v/ Runar Bakken, dosent, Universitetet i Sør-Øst
Norge

11.00–11.30
Pause

11.30–12.15
Regjeringens strategi for et aldersvennlig
samfunn
v/ Åse Michaelsen, eldre- og folkehelseminister,
Helse- og omsorgsdepartementet

12.45–15.00
Omvisning og lunsj i Brekkeparken

15.30–16.30
KS sin rolle i eldreomsorgen – rettet mot
Regjeringen og kommunene
v/ Gunn Marit Helgesen, styreleder, KS

16.30–18.45
Tid til fri disposisjon

19.00
Festmiddag med kulturinnslag i Olavsalen på
hotellet



Foto: Kristin Berge/Telemark Museum

Program onsdag 22. mai

08.45–09.00
Kulturinnslag

09.00–09.15
Start på dagen

09.15–10.15
Kosthold og ernæring for eldre i institusjon og
hjemmeboende
v/ Erlend Eliassen, kokk og ernæringsveileder,
Sandefjord kommune

10.15–10.45
Pause og utsjekking av rom

10.45–12.00
Uttalelser fra landskonferansen

12.00–12.15
Avslutning

12.15
Lunsj og hjemreise

Meld deg
på før
20. mars.



Spørsmål om konferansen rettes
til: Finn-Egil Aure,
leder, Telemark
fylkeskommunale elderåd
e-post: finnegilaure@gmail.com

Om bidragsyterne

Sven Tore Løkslid

Sven Tore Løkslid har vært fylkesordfører i Telemark siden 2015, et fylke med 17 kommuner. Han kommer fra Hjartdal, der han var ordfører i perioden 2011–2015.



Foto: Hanna Hekkelstrand

Gisle Roksund

Gisle Roksund er spesialist i allmenn- og samfunnsmedisin og samfunnsdebattant. Han er nå fastlege i Skien, og leder for Norsk forening for allmenntilleggsmedisin.



Bjørn Lindstad

Som politisk seniorrådgiver i Frivillighet Norge jobber han med frivillighetspolitiske spørsmål med særlig vekt på lokal og regional frivillighetspolitikk, samt ideelle organisasjoner på helse- og velferdssfeltet. Han har bakgrunn fra flere andre organisasjoner og har jobbet som seksjonsleder og oppvekstkoordinator i Asker kommune, og har skrevet både faglitteratur og skjønnlitteratur.



Runar Bakken

Runar Bakken er dosent ved Universitetet i Sørøst-Norge; Institutt for sykepleie og helsevitenskap og Fakultet for helse- og sosialvitenskap. Han har skrevet en rekke bøker, blant andre Mann i Ingenmannsland (2004), Englevakt – om rekrutteringskrise i den kommunale eldreomsorg (2009), Frykten for alderdommen (2014) og Alle vil leve lenge, men ingen vil bli gamle (2018).



Åse Michaelsen

Eldre- og folkehelseministeren har ansvaret for politikken knyttet til kommunale pleie- og omsorgstjenester, helsefremmende og forebyggende arbeid innen fysisk og psykisk helse, sosial ulikhet i helse, ernæring og mattrygghet, alkohol-, narkotika- og tobakksforebygging og smittevern. Åse Michalsen har vært stortingspolitiker siden 2005.



Foto: Stortinget

Gunn Marit Helgesen

Gunn Marit Helgesen er politisk leder av Kommunenes Sentralforbund siden 2012. Hun var fylkesordfører i Telemark fra 2003 til 2011, etter to perioder som fylkesvaraordfører. I dag er hun gruppeleder i Fylkestinget og sitter i fylkesutvalget i Telemark. Hun har og har hatt en rekke tunge internasjonale og nasjonale verv, som utgjør en betydelig politisk ballast.



Foto: KS/Johnny Syversen

Erlend Eliassen


Erlend Eliassen, avdelingsleder og kostøkonom v/ Nygård bo og behandlingssenter, Sandefjord kommune. Fylkesvinner i konkurransen «Gyllene øyeblikk» i 2015 og har mottatt æres-diplom fra regjeringen for arbeidet med å benytte ny teknologi og innovasjon innen mat til eldre og syke. Ønsker å inspirere og skape endring slik at mat og ernæringen får den rette plassen og oppmerksomheten som den må ha.



Trude Drevland

Trude Drevland er nyvalgt leder av Råd for et aldersvennlig Norge som avløser Statens seniorråd. Rådet er en del av overbygningen for eldreformen Leve hele livet som startet 1. januar 2019. Hun har lang politisk erfaring, med en rekke sentrale tillitsverv, blant annet som ordfører i Bergen. Trude Drevland er spesielt invitert til konferansen.





**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

PS 94/19 Ymse